

**Den forskings- og undervisningsmessige verdien av eit utval
samlingsressursar ved ILN**
Rapport frå ei arbeidsgruppe nedsett av instituttleiar ved ILN hausten 2014

1. Innleiing

Institutt for lingvistiske og nordiske studium (ILN) ved Universitetet i Oslo har i dag ei rekke ulike samlingar knytte til leksikografi og namnegransking. Samlingane har først og fremst danna grunnlag for å produsere allmennordbøker (leksikografi) og namnefaglege monografiar (namnegransking). Vidare har dei vore nytta som grunnlag for andre vitenskaplege publikasjonar, først og fremst innanfor desse to fagområda. Dei har også vore brukte i eit større antal hovud- og masteroppgåver. Samlingane har vore eit utsett område i mange år, utan stabil finansiering og med ei usikker framtid.

Samlingane består både av eldre fysiske arkiv og elektronisk materiale (både digitalisert og digitalt utvikla). I nær tilknytning til den nynorske delen av ILNs samlingar har instituttet også vore prosjekteigar for ordboksprosjektet Norsk Ordbok 2014, som etter planen blir avslutta eit par månader inn i 2015. Det er også eit tett samband og ei overlapping mellom samlingane slik dei er avgrensa her og ressursane som er knytte til Tekstlaboratoriet og Eining for digital dokumentasjon (EDD). Dette er kommentert nedanfor.

Hausten 2013 oppretta instituttleiar ved ILN ei arbeidsgruppe med mandat å gjennomføre ei evaluering av samlingane som er utvikla ved fagmiljøa i leksikografi og namnegransking ved instituttet. Evalueringa av den forskings- og undervisningsmessige verdien av samlingsressursane ved ILN vil bli lagt fram for instituttstyret og kjem til å danne eit av fleire utgangspunkt for den vidare diskusjonen om den framtidige forvaltninga av samlingane.

Arbeidsgruppa har bestått av følgjande personar:

Signe Oksefjell Ebeling, førsteamanuensis i engelsk språkvitskap, UiO

Kristian E. Kristoffersen, instituttleiar ved ILN

Øystein Vangsnes, professor i nordisk språkvitskap, Universitetet i Tromsø –
Noregs arktiske universitet

Åse Wetås, prosjektleiar for Norsk Ordbok 2014

Kristian E. Kristoffersen har leia gruppa, mens forskingsrådgivar Magnus Garder Evensen, ILN, har vore sekretær. Arbeidsgruppa skulle svare på følgjande tre spørsmål:

1. Kva verdi representerer samlingane for forskning innanfor instituttets fagområde?
2. Kva verdi representerer samlingane for undervisning innanfor instituttets fagområde, på alle nivå frå bachelor til ph.d.?
3. I kva grad blir samlingane faktisk brukte innanfor forskning og undervisning på instituttet sine fagområde i dag?

Gruppa har på møta sine også diskutert desse punkta i eit vidare nasjonalt perspektiv, vel vitande om at ingen andre norske universitet eller institusjonar sit på like omfattande samlingar som dokumenterer det norske språket.

Gruppa har hatt tre møte (10. desember 2013, 4. februar og 24. februar 2014). I forkant av første møte blei samlingsmiljøa ved ILN bedne om å levere ei kortfatta oversikt over det materialet dei rådde over. Desse oversiktene finst som vedlegg 1-4 til denne rapporten. På grunnlag av dette materialet bestemte gruppa på det første møtet å gjere eit utval som skulle beskrivast og vurderast nærmare. Gruppas medlemmer fordelte desse oppgåvene mellom seg.

Som nemnt ovanfor utgjer det materialet som er meldt inn, ikkje alt materiale som kan karakteriserast som samlingsmateriale ved ILN. EDD og Tekstlaboratoriet rår over ressursar som ikkje er melde inn til gruppa, og som gruppa heller ikkje har bede om å få oversikt over. Det er to grunnar til dette. For det første var mandatet for gruppa å vurdere materiale som har vore utvikla ved og forvalta av dei to fagmiljøa i leksikografi og namnegransking. EDD og

Tekstlaboratoriet er ikkje del av desse miljøa, sjølv om dei samarbeider med dei på ulike måtar. For det andre er EDD og Tekstlaboratoriet under evaluering som Humanistisk fakultet har tatt initiativ til og gjennomfører. Evalueringa er ikkje avslutta, og arbeidsgruppa kjenner difor ikkje resultatet av dette arbeidet. Dermed har det heller ikkje vore naturleg å ta med andre samlingsressursar som ligg under desse to einingane nå. Her er det likevel mange grenseflater som gjer det umogleg å trekkja ei skarp grenseline for kva miljø dei einskilde ressursane høyrer til. Til dømes står EDD bak mange av ressursane knytte til NO 2014-prosjektet, og Tekstlaboratoriet driv det nystarta infrastrukturprosjektet LIA (NFR-finansiert prosjekt), som skal digitalisera og tilgjengeleggjera lydbandopptak frå dei nemnde samlingsmiljøa

I tillegg til gjennomgangen av samlingsmaterialet har det også vore gjennomført eit gruppeintervju og ei spørjeundersøking med vitskapleg tilsette ved ILN som representerer fagområde samlingsmaterialet kan tenkast å ha ein verdi for, utanom fagområda namnegransking og leksikografi. Tema for dette intervjuet har vore i kva grad deltakarane har brukt samlingressursane og på kva måte.

Resten av rapporten er disponert slik: i avsnitt 2-11 gir vi ei skildring av utvalde samlingsressursar knytte til dei to forskingsområda leksikografi og namnegransking, og ei kort vurdering av verdien av desse for forskning og undervisning utanfor desse områda. I avsnitt 12 presenterer vi hovudfunna frå gruppeintervjuet og spørjeundersøkinga. I avsnitt 13 oppsummerer og konkluderer vi.

2. Nynorskkorpuset og Leksikografisk bokmålskorpus (LBK)

Nynorskkorpuset: [http://no2014.uio.no/korpuset/conc enkeltsoek.htm](http://no2014.uio.no/korpuset/conc_enkeltsoek.htm)

LBK: <http://www.hf.uio.no/iln/tjenester/kunnskap/samlinger/bokmal/veiledningkorpus/>

og: http://tekstlab.uio.no/glossa/html/index_dev.php?corpus=bokmal (passordbeskytta)

Nynorskkorpuset inneheld over 100 mill. ord frå originaltekstar på nynorsk frå 1866 fram til i dag, mens Leksikografisk bokmålskorpus inneheld over 100 mill. ord

frå tekstar på bokmål frå 1985 fram til i dag. Både kan seiest å vere referansekorpus av eit visst omfang og er under stadig utvikling/utviding, med stort potensial innan forskning og undervisning for forskarar og studentar ved ILN og elles. Døme på (generelle) forskingsområde:

- Synkrone studiar av enkeltord eller (leksiko-)grammatiske konstruksjonar
- Studiar innan:
 - Leksikografi
 - Morfologi
 - Grammatikk
 - Semantikk
 - Fraseologi
- Statistiske analysar av språklege fenomen.
- I tillegg kan Nynorskkorpuset brukast til diakrone studiar av enkeltord eller (leksiko-)grammatiske konstruksjonar og til diakrone normeringsstudiar. Sidan tekstane i LBK strekkjer seg frå 1985, er det diakrone potensialet mindre enn det som er tilfellet for Nynorskkorpuset

Områda nettopp nemnde er òg særst egna til undervisning, der studentane sjølv får høve til å søke i primærdata og får opplæring i å lese og analysere konkordansar (såkalla "data-driven learning"). Korpuset kan i stor grad nyttast til forskingsbasert undervisning både ved ILN og elles. I dei seinare åra er korpusa òg tekne i bruk i MA- og Ph.D.-avhandlingar ved ILN. Som døme kan nemnast Tor Arne Haugens Ph.D.-avhandling om polyvalente adjektiv i norsk (2012), Urd Vindenes' MA-avhandling (*Se å finn deg et liv!* 2013), Mads Claudis Ph.D.-prosjekt om Kristofer Updal (under arbeid) og monografien *Patterns in Contrast* (Ebeling & Ebeling 2013), utgiven på John Benjamins forlag).

Nynorskkorpuset ligg direkte søkbart på nettet. I funksjonane «enkelt søk» og «søk med frekvenssortering» er det enkelt å søkje i korpuset. Meir avanserte søk der ein må bruke regulære uttrykk kan vere ein bøyg for mange. Der må brukarane

setje seg inn i ei detaljert brukarretteiing med instruksjon i korleis søka skal utformast. LBK ligg i Glossa-grensesnittet, og brukarane må be om tilgjenge til dette korpuset. Enkle søk i LBK er, som i Nynorskkorpuset, enkle å utføre. Avanserte søk er òg relativt intuitive. Ein kan til dømes velje ulike avanserte søk ved hjelp av nedtrekksmenyar. Likevel kunne mykje vorte gjort for å betre brukarvenlegheita med t.d. moglegheit for å søke bare i originaltekster (og altså i visse søk utelate omsetjingane).

3. Ordbanken – bokmål og nynorsk

<http://www.edd.uio.no/prosjekt/ordbanken/>

<http://www.edd.uio.no/prosjekt/ordbanken/data/> (passordbeskytta)

Ordbanken er ein database med alle norske ord i fullform (ca. 130000 artiklar for både bokmål og nynorsk), og inneheld nyaste rettskriving for begge målformer (2005 og 2012). Alle nye rettskrivingsvedtak Språkrådet gjør blir laupande integrerte, slik at ressursen alltid skal vere oppdatert. Potensialet til ordbanken er i stor grad knytt til forskning innan morfologi, og er ein naudsynt ressurs innan språkteknologi både ved ILN og elles. Døme på forskingsområde:

- forskning innan morfologi
- ordboksarbeid
- utvikling og trening av tagge- og parseprogram

Ordbanken er òg ein viktig ressurs for undervisning innan morfologi og språkteknologi.

Ein lastar ned dei ulike filene som høyrer til ordbanken i ei zip-fil, og brukarterskelen er høg. Filene ligg i eit format som brukarane treng tid på å sette seg inn i. Materialet er med andre ord ikkje søkbart på nett, noko som klart kunne ha vore nyttig.

4. Norsk kollokasjonsdatabase

Tilgjenge etter søknad.

Norsk kollokasjonsdatabase er ein database over kollokasjonar i bokmål på grunnlag av statistisk analyse av ca. 100 mill. ord. Basen er ein statisk ressurs med statistisk analyse av samførekomstar av ord i heile LBK. Døme på forskingsområde:

- kollokasjonsforskning (samførekomstar av ord)
- kolligasjonsforskning (samførekomstar av leksikalske ord med funksjonsord (dvs grammatiske ord) eller ein særskild ordklasse)
- fraseologi (fleirordsuttrykk)

Basen er samstundes ein ressurs som kan danne grunnlag for kollokasjonsordbøker.

Det er litt uklart kvifor basen eksisterer som ein statisk ressurs, medan korpuset som dannar grunnlag for samførekomstane er dynamisk (dvs. stadig under utvikling). Ein slik kollokasjonsressurs bør difor kunne gjerast dynamisk, slik at ein til ei kvar tid kan generere kollokasjonar på det oppdaterte datagrunnlaget. På denne måten ville det ikkje vere naudsynt å oppdatere databasen etter kvart som LBK veks. Glossa (søkegrensesnittet til LBK) har innbygd ein slik automatisk kollokasjonsfunksjon.

5. Samlingane ved gamalnorsk ordboksverk

Medieval Nordic Text Archive: <http://www.menota.org/tekstarkiv.xml> (open ressurs)

Søkemodul med informasjonsstrukturell og syntaktisk informasjon: http://www.edd.uio.no:3000/users/sign_in (Nødvendig med registrering for å få tilgjenge)

Ein del av tekstane ved Gamalnorsk ordboksverk har i løpet dei siste tiåra blitt digitaliserte og gjort tilgjengelege gjennom det fellesnordiske prosjektet *Medieval Nordic Text Archive (Menota)* med 14 deltakande institusjonar, eit arkiv der stadig

nye tekstar blir lagde til. Somme av tekstane er lemmatiserte og det er dermed mogleg å gjere søk i dei. Oversikt over kva tekstar det dreier seg om, finst på Menota sine nettsider, sjå URL over). Søka kan avgrensast med omsyn til ordklasse og dei grammatiske kategoriane kjønn, tal, kasus, bestemtheit, person, grad, tempus, modus og diatese.

Lingvistisk informasjon om somme av dei gamalnorske tekstane (sjå søkemodulen i URL-en over) er også tilgjengeleg via eit søkegrensesnitt der ein i tillegg til ordklasse og dei nemnde grammatiske kategoriane også kan få ut informasjon om informasjonsstruktur og syntaktisk funksjon. Døme på forskingsområde:

- gammalnorsk språkstruktur
- morfologi og syntaks
- ortografisk variasjon
- leksikalske studiar

Samlingane er ein ressurs for undervisning på høgare nivå, og dei gamalnorske samlingane kan spele ei viktig rolle i diakrone språkendringsstudiar, der dei kan brukast saman med materiale frå den nynorske perioden. Eit problem for bruken er at sidene kan vere vanskelege å finne, så tilgjenget kunne vore gjort enklare. Vidare er ikkje heile materialet syntaktisk annotert.

6. Namnegransking

6.1 Den nasjonale stadnamnbasen:

Den nasjonale stadnamnbasen inneheld om lag 700 000 namn totalt (fordelte på Heradsregisteret, ein del einskildsamlingar, seternamnregisteret og i tillegg Stadnamnsamlinga ved UiB). I tillegg inneheld basen 3 700 originale innsamlingskart.

Materialet ligg tilgjengeleg på EDDs databasekatalog på nettet, og er søkbart på delbase, oppslagsform, fylke og herad. Det er òg søkbart på standardledd (-skog, -

bø, -heim osv.), som er viktig for bruk av dokumentasjonsressursen i språkvitskapleg samanheng. Kvaliteten på setelvisningar i original tiff er svært god. Lydskrifta som er brukt, er i hovudsak *norvegia*. Potensiale for utnytting av dette materialet i forskning og undervisning er stort, og kan dekkja emne som:

- Studiar av ord- og namnelagingsmønster
- Studiar av diakron fonologi og morfologi
- Diakrone studiar av ordforrådet
- Etymologisk forskning
- Studiar av semantikk
- Studiar av kultur- og busettingshistorie
- Studiar av mentalitetshistorie
- Normeringsstudiar (Eksempel: Siv S. Valand (2005): *Normering av stedsnavn: en undersøkelse av normeringspraksis med utgangspunkt i et materiale fra Stokke i Vestfold*. MA-oppgåve)
- Stor verdi for arbeidet med forvaltninga av *lov om stadnamn*

Stedsnavnarkivet

Arkivnavn (%)

Oppslagsform (%)

Fylke (%)

Herred (%)

Standardledd (%)

[Innstillinger](#)

Enhet: [Dok. dokpro@dokpro.uio.no](mailto:Dok.dokpro@dokpro.uio.no)

Fig. 1: Søkeskjema, stadnamnarkivet

Søkeskjemaet er enkelt å bruka, det inneheld rullemenyar og det finst ei kort brukarretteleing som gjev supplerande informasjon om søkjekategoriane. Miljøa ønskjer å rusta opp funksjonaliteten og grensesnittet for søk, slik at utsjånaden på ressursen også blir meir tiltrekkjande, men det har så langt ikkje vore sett av midlar til webdesign.

6.2 Bustadnamnregisteret

Bustadnamnregisteret inneheld om lag 100 000 setlar med budstadnamn frå 12 fylke. Setlane er skanna og ligg allment tilgjengelege på www.dokpro.uio.no, men dei er ikkje utstyrte med metadata, og ikkje gjorde søkbare. Bustadnamnregisteret kan utnyttast i forskning og undervisning i språklege disiplinar på same måten som innhaldet i den nasjonale stadnamnbasen (jf. ovanfor). Nokre tilleggsføremål:

- Studiar på fagfelte religionshistorie, historie og arkeologi.
- Både bustadnamnregisteret og den nasjonale stadnamnbasen vil vera viktige kjelder også for studiet av norrønt språk.
- Stor verdi for arbeidet med forvaltninga av *lov om stadnamn*

6.3 Etymologiregisteret

Etymologiregisteret inneheld om lag 150 000 oppføringar med ekserpt frå faglitteratur frå perioden 1913-1995. Registeret består av kopiar av papirsetlar frå Uppsala. Dette registeret inneheld systematiserte opplysningar til bruk i språkvitskapeleg forskning. Registeret gjev god supplerande informasjon til t.d. diakrone studiar av morfologi og fonologi. Basen er av stor verdi for arbeidet med forvaltninga av *lov om stadnamn*.

6.4 Matrikkelutkastet frå 1950

Matrikkelutkastet frå 1950 er en delbase som er gjort søkbar på nett gjennom Dokumentasjonsprosjektet, og utgjer ein kopi av den norske matrikkelen (gards- og bruksnummer frå heile landet) per 1950 (sjå www.dokpro.uio.no). Det viktigaste potensialet for utnytting i forskning og undervisning vil vere moderne, synkrone ordlagingsstudiar og mentalitetsstudiar (Eksempel: Astrid Lunde (2005): *Solglytt og Blidensol: nasjonalromantiske villanavn i Rogaland 1906-1950*. MA-oppgåve).

6.5 Lydbandmaterialet

Lydbandmaterialet består av om lag 1 000 timar opptak. Om lag halvparten av lydbanda er digitaliserte, og resten av dei blir nå gjorde klare for digitalisering, transkripsjon og korpusoppbygging gjennom det UiO-leia LIA-prosjektet (2014-2017) som er eit samabrbeid mellom UiT, NTNU, UiB og Nasjonalbiblioteket. Desse opptaka vil kunne vere av stor verdi for fonologisk og morfologisk forskning (både som generell talemålsdokumentasjon og til bruk i forskning på proprium), og for arbeidet med forvaltninga av *Lov om stadnamn*.

6.6 Anna

Både stadnamn- og personnamnmaterialet er verdfulle kjelder også til litterære studiar. Eit eksempel på bruk finn ein i Kristin Bakken og Kristoffer Krukens namnekommentarar i *Henrik Ibsens skrifter*. Benedicta Windt-Wals ph.d.-avhandling i litterær onomastikk frå 2009 (*Men han het Edvard. Navn og navnebruk i Sigrid Undsets forfatterskap*) viser òg relevansen namnemateriala har for litteraturvitskapleg gransking.

Person- og stadnamnmaterialet er også eigna til sosiologisk innretta forskning (sjå B. Helleland, C-E. Ore, S. Wikstrøm (2012): *Names and Identities, Oslo Studies in Language* 4(2)).¹

I løpet av dei siste femten åra har fleire større monografiar, dr.philos. og dr.art.-arbeid i nordisk språkvitskap nytta ressursar frå namnesamlingane i Oslo. Dette gjeld slike som Inge Særheim (2000): *Studium av busetnadsnamn på -land*, Tom Schmidt (2000): *Namn på -by og -bø*, Vidar Haslum (2003): *Artikkelløse stedsnavn i norsk talespråk. En studie i onomastikk og dialektologi*, Åse Wetås (2008): *Kasusbortfallet i mellomnorsk. Ein komparativ studie av proprialt og appellativisk materiale* og Margit Harsson (2010): *Norske -rud-namn frå mellomalderen*.

¹ <https://www.journals.uio.no/index.php/osla/issue/view/39/showToc>)

7. Norsk Ordbok (NO 2014) - ordboksdatabasen

<http://no2014.uio.no/perl/ordbok/no2014.cgi>.

Ordboksdatabasen til Norsk Ordbok omfattar alle artiklar i ordboksverket frå og med bokstaven *i* (førebels til og med bokstaven *t*), om lag 210 000 i talet. I tillegg kjem om lag 130 000 artiklar for bokstavane a-h som berre ligg føre på papir. Den elektroniske databasen er kopla til ulike støttedatabasar for til dømes bibliografi, heimfestingar og ulike redaksjonelle administrasjonssystem. Det er laga ein fritt tilgjengeleg nettversjon av ordboka på grunnlag av databasen. Denne er førebels ikkje eksplisitt kopla til støttedatabasane i nettsidevisninga, men alle ordartiklane har desse eksplisitte koplingane i sjølve ordboksbasen. Forskarar med brukartilknytning i UiOs IT-system kan på førespurnad få tilgang til søk i ordboksbasen.

Ordboksdatabasen er ein særst verdifull ressurs for både forskning og formidling, særleg dersom òg artiklane frå a-h blir fulldigitaliserte og søkbare, og vidare ikkje minst dersom koplingane til ulike støttedatabasar vert opna og vidareutvikla. Ordboksartiklane er verdifulle i seg sjølv ved at dei representerer fagleg kvalifiserte samanstellingar av ords semantiske og grammatiske eigenskapar, historiske opphav, dialektale variasjon og/eller geografiske utbreiing. Artiklane kan såleis karakteriserast som formidling av immateriell kulturarv, og allmenn, digital tilgang til dette er ønskjeleg. Vidare ligg det eit stort potensiale for spesialiserte undersøkingar ved at ein forholdsvis enkelt vil kunne gjere tematiske søk på ulike emne slik som t.d. kartlegging av bestemte terminologiområde eller systematiske storskala geografiske undersøkingar av vokabular. Forskingspotensialet kan også sjåast i samanheng med potensialet i neste punkt, Metaordboka.

8. Metaordboka

<http://www.edd.uio.no/perl/search/search.cgi?tabid=571&appid=7>

Metaordboka er eit grensesnitt som samordnar søk i ulike digitale og digitaliserte kjelder brukt i arbeidet med Norsk Ordbok, m.a. Setelarkivet, Grunnmanuskriptet, Ordbokshotellet m.m. Kjeldene omfattar tilfang frå 1600 fram til i dag, ordna etter

ordform og ordklasse, normert etter 1938-rettskrivinga for nynorsk. Metaordboka har omlag 570 000 unike oppslag som er kopla til om lag 4 millionar heimlar.

Søk i Metaordboka fører anten til digitale tekstar slik som artiklar/oppslag i Grunnmanuskriptet eller Nynorskordboka, eller til faksimilar av skanna arkivsetlar. Dette er såleis ein ressurs som gjer grundige undersøkingar av arkivert, skriftleg talemålsmateriale mogleg utan fysisk oppmøte i arkivet. Dette gjeld særleg undersøkingar av ordtilfang, men også av fonologi, grammatikk og semantikk sidan oppslag og setlar i visst mon også gir slike opplysningar anten direkte (t.d. ved transkripsjon) eller indirekte (t.d. ved oppgitte eksempel). På dette området må Metaordboka seiast å vere ein særst verdifull ressurs for norsk talemålsforskning og då særleg som dokumentasjon av historiske forhold. Basane er dynamiske og får heile tida lagt til seg informasjon, og Metaordboka dokumenterer dermed også språket i nyare tid. Særleg gjeld dette delmateriale frå Ordbokshotellet og nyare, fulldigitale ordsetlar. (Ordbokshotellet er ei samling av 58 digitalisert ordbøker og ordarkiv gjort tilgjengelege av tekstleverandørane etter gjeldande opphavsreglar.)

I eit forskingsperspektiv er vidare Metaordboka viktig i samspel med dei redigerte oppslaga i Ordboksdatabasen. Der Ordboksdatabasen gir eit redigert bilete av kjeldematerialet, gir Metaordboka tilgang til kjeldene som redaktørane har nytta, og opnar såleis for kritisk gjennomgang av andre forskarar.

Sidan delar av kjeldetilfanget som Metaordboka omfattar, er indeksert etter geografi (fremst Setelarkivet) ligg det vel til rette for geografisk orienterte undersøkingar også her (til liks med Ordboksdatabasen). Grensesnittet for Metaordboka opnar ikkje for geografiske søk, men eigne grensesnitt for enkelte av dei omfatta databasane har dette som søkealternativ. Vidareutvikling av slike funksjonar både for Metaordboka og Ordboksdatabasen vil vere av stor verdi for forskarar og andre.

9. Målføresynopsen

<http://www.edd.uio.no/perl/search/search.cgi?appid=145&tabid=2165>

Målføresynopsen består av 43 handskrivne protokollar som er resultatet av ei stor undersøking av uttalen av om lag 1500 utvalde ord frå alle herada i Noreg, utført om lag 1950 til 1970. Utgangspunktet er *Storms Kortere Ordliste* frå 1884 (som tek sine dømeord frå Aasen: Norsk Ordbog. 1873). Orda fungerer som språklege sondar som fangar opplysningar om lyd- og formlære i dei norske dialektane. Slik representerer målføresynopsen ein unik dokumentasjon av desse sidene ved dialektane frå første halvdel av 1900-talet. Ikkje minst for studiar av språkendringar både fram til, men særleg etter, innsamlinga, utgjer synopsen ein viktig forskingsressurs. Ressursen er vidare også eit godt utgangspunkt for formidling.

Dei fysiske protokollane er skanna inn og det kan søkast i dei innskanna bileta via eit grensesnitt utvikla av EDD. Tilgjengelege metadata i grensesnittet er mellom anna bindtittel, fylkesnamn, og paragraf. Det er førebels ikkje mogleg å søke på enkeltord i lista. Eit meir detaljert grensesnitt er under utvikling, der ein vil kunne søke både på enkeltord i lista og på morfologiske kategoriar. Frå dette grensesnittet er det også koplingar til Metaordboka.

For at Målføresynopsen skal bli ein fullgod ressurs tilpassa vår tids digitaliserte forskingsinfrastruktur, må det gjerast ein god del utviklingsarbeid. Det meir avanserte grensesnittet blir klart til utgangen av 2014 og aller helst bør alt innhaldet i listene i tillegg transkriberast. Transkripsjon vil i neste omgang bane vegen for meir avanserte søkemoglegheiter. Å gjennomføre ein slik transkripsjon er rett nok ikkje berre trivielt. I Målføresynopsen har ein nytta det fonetiske alfabetet norvegia i innskrivinga av ordformene, og alle teikn i dette alfabetet er førebels ikkje med i Unicode-standarden, som er den viktigaste internasjonale standarden for digital tekst i vår tid. Om ikkje det blir løyst, må ein utarbeide eigne, idiosynkratiske løysingar for korleis ein representerer norvegia i digital tekst, alternativt transliterere frå norvegia til IPA.

10. Norsk dialektatlas

<http://www.edd.uio.no/perl/search/search.cgi?appid=210&tabid=2338>

Norsk dialektatlas er ei samling på 596 kart med isoglossar for norske målføre, teikna for hand i perioden 1950-1980 på Målførearkivet, UiO. Kartsamlinga var opphavleg tenkt som ei visualisering av Målføresynopsen. Alle karta er skanna og kan søkast opp via eit grensesnitt utvikla av EDD (mykje på same måten som sidene i Målføresynopsen). Alle karta er digitaliserte og georefererte, og protokollane er skrivne inn og er søkbare. Grensesnittet gir visse moglegheiter til å søke opp større kategoriar knytte til ulike språklege eller ikkje-språklege emne. Ei digitalisering av kartinnhaldet er påbyrja.

Ytterlegare digitalisering av karta ville vere både tidkrevjande og kostbart, men den teknologiske utviklinga har gjort det mogleg å basere seg på eit nøyaktig, digitalt kommunekart frå Statens kartverk som dekkjer heile Europa (slik at ein kan leggja inn språkfenomen på tvers av statsgrenser). Det ligg mange supplerande undersøkingar under dialektkarta i tillegg til Målføresynopsisen, og desse er i hovudsak språkhistorisk innretta. Det finst òg ein del ordgeografiske kart som har grunnlag i arbeida til Oskar Bandle og andre. Det er utvikla ei lag-på-lag-kartløyning som vil gjere det mogleg å få fram kart med same innhald som dei gamle handteikna karta og ikkje minst samkøyre den kartinformasjonen med informasjon frå andre kjelder (for eksempel Norsk Ordbok, Nordisk dialektkorpus osv.). Det vil både gjere det mogleg å få fram kart med same innhald som dei gamle handteikna karta og ikkje minst samkøyre den kartinformasjonen med informasjon frå andre kjelder.

11. Lydopptaka i Norsk målførearkiv

<http://www.edd.uio.no/perl/search/search.cgi?appid=144&tabid=2160>

Ein stor del av lydbandopptaka frå Norsk målførearkiv er digitaliserte gjennom eit prosjekt gjennomført av DOK (EDD) og ILN med støtte frå Kulturrådet i perioden 2001-2005, og ein tilhøyrande nettilgjengeleg registrant blei laga i 2007 (jf lenkje). Lydfilene er tilgjengelege i mp3-format. Noko av materialet (90 lydfile med 300 000 laupeord) er transkribert og tilgjengeleggjort som ein del av Nordisk dialektkorpus. Transkripsjon og tilgjengeleggjering av dei resterande lydopptaka i Norsk målførearkiv vil i dei neste fem åra bli ein del av det store NFR-finansierte

infrastrukturprosjektet Language Infrastructure made Accessible (LIA), styrt frå Tekstlaboratoriet. Det same gjeld lydopptak av namn (jf pkt. 6.5).

12. Gruppeintervjuet og spørjeundersøkelsen

Vurderingane ovanfor av materialet seier ikkje noko om faktisk bruk. Rett nok viser vitskaplege publikasjonar frå fagfelte leksikografi og namnegransking, MA-avhandlingar og Ph.D.-avhandlingar frå nordisk språk- og litteraturvitskap og lingvistikk ved UiO og andre institusjonar, og i form av andre vitskaplege publikasjonar at samlingane har vore mykje brukt, vil det også vere av interesse å få utfylt biletet som desse gir. Derfor undersøkte vi i kva grad vitskapleg tilsette ved ILN bruker eller har brukt desse samlingane i forskning og undervisning på to ulike måtar. Målgruppa var vitskapleg tilsette innanfor fagområde som vi meinte burde kunne ha nytte av ressursane ved samlingane, men som ikkje arbeider på forskingsfelte leksikografi eller namnegransking. For det første gjennomførte vi eit gruppeintervju med fire forskarar (to frå lingvistikk, ein frå norsk som andrespråk/nordisk språkvitskap og ein frå Eining for digital dokumentasjon).² I dette intervjuet blei det også spurt om potensiell bruk, dvs. om dei som ble intervjuar kunne sjå for seg moglege bruksmåtar ut over dei dei hadde erfaring med. Ein kort intervjuguide finst som vedlegg 5. Spørjeskjemaet som blei sendt til ti vitskapleg tilsette finst som vedlegg 6.

Fokus for intervjuet var i kva grad deltakarane har brukt materialet og på kva måte. I tillegg til intervjuet blei eit nettskjema sendt til dei aktuelle tilsette. Resultata frå nettskjemaet er samanfatta under. Dei fire som deltok stadfeste at samlingane er godt kjende for alle. Dei rapporterte likevel om varierende bruk. Den ressursen som blei nemnt av flest var Bokmålsordboka. Også Ordnett, andre ordbøker og ressursar som ikkje har vore vurderte av gruppa, som NoWaC (*Norwegian Web as Corpus*) og NoTA (*Norsk talemålskorpus*), blei nemnde. Somme av ressursane blir også presenterte på metodekurs for masterstudentar.

² Invitasjonen gjekk til fleire forskarar enn dei fire som deltok.

I nettundersøkinga svarte åtte medarbeidarar. Fire av desse er dei same som deltok i gruppeintervjuet. I undersøkinga kunne respondentane svare at dei brukte ein gitt ressurs ofte, av og til eller aldri. Eit utval på berre åtte personar er vanskeleg å rekne statistisk på. Dei svara som kom inn, viser likevel at ressursane i ulik grad er i bruk. Av dei åtte spurde svarer 6 at dei bruker korpusa ofte eller av og til. For Norsk Ordbok svarte 4 at dei bruker ressursen ofte eller av og til. Norsk ordbank, Metaordboka og Målføresynopsisen/Norsk dialektatlas er det hhv 2, 2 og 3 av 8 som svarer at dei bruker av og til. Ressursane frå Gammalnorsk ordboksverk blir brukte ofte eller av og til av 2 av dei som har svarta på nettundersøkinga, medan stadnamnbasen blir brukt av og til av 2 av respondentane. Dei andre namnesamlingane er lite brukte. Samla sett viser spørjeundersøkinga at ressursane er lite brukte i undervisning på andre emne enn leksikografi og namnegransking, med unntak av korpusa. Den ressursen oppgir 40 % av respondentane at dei bruker av og til i undervisningssamanheng..

Vidare oppgir respondentane at dei bruker andre talespråksressursar utvikla ved instituttet, slik som TAUS (lydopptak av talespråk frå Oslo innsamla på 1970-talet og digitalisert, transkribert og tilgjengeleggjort av Tekstlaboratoriet i 2006-07). NoTa (som dekkjer talespråk i Oslo-området), UPUS (som dekkjer urbant ungdomsspråk i Oslo på 2000-talet) og andre talespråkskorpus. I tillegg oppgir fleire at ei bruker NoWaC-korpuset (skriftleg tekst på bokmål hausta inn frå .no-domenet på nett). Desse andre ressursane respondentane nemner dekkjer andre geografiske og/eller sosiale variablar enn mange av dei andre samlingsressursane som er vurderte i rapporten her. Sams for dei er at dei er gjorde tilgjengelege gjennom transkripsjon, utvikling av søkjefunksjonalitet og tilrettelegging for digital bruk.

13. Oppsummering og konklusjon

I denne rapporten har vi sett på eit utval av det materialet som i dag blir forvalta i tilknytning til fagmiljøa i leksikografi og namnegransking ved ILN. Målet var å svare på følgjande spørsmål:

1. Kva verdi representerer samlingane for forskning innanfor instituttets fagområde?
2. Kva verdi representerer samlingane for undervisning innanfor instituttets fagområde, på alle nivå frå bachelor til ph.d.?
3. I kva grad blir samlingane faktisk brukte innanfor forskning og undervisning på instituttet sine fagområde i dag?

I tillegg har vi intervjuet vitskapeleg tilsette ved instituttet om bruken av dette materialet og gjennomført ein spørjeundersøking. Vi skal her konkludere og diskutere funna.

For alt det materialet vi har sett på, er den generelle konklusjonen at det har nytteverdi for forskarar, både innanfor språk- og litteraturvitskap og i ei breiare kulturvitskapeleg kontekst. Vi konkluderer også med at materialet bør kunne brukast i undervisning på alle nivå, og som utgangspunkt for forskingsbasert undervisning. I nokre få tilfelle blir materialet også brukt i undervisning (metodeundervisning på masternivå).

Vi vil òg understreke at samlingane er av nasjonal verdi og ein ressurs for forskning og undervisning i norsk og nordisk språk også ved andre institusjonar enn UiO. Av historiske grunnar har ingen andre norske universitet tilsvarande store og mangfaldige språksamlingar. Språksamlingane ved UiO har ei forhistorie som startar i ei tid då UiO var det einaste universitetet i landet, og på 1970-talet vart dessutan dei tidlegare sjølvstendige einingane Norsk leksikografisk institutt og Norsk stadnamnarkiv lagt inn under UiO. UiO forvaltar såleis ein ressurs som bør sjåast i eit vidare perspektiv enn berre den bruksverdien det har for institusjonen sjølv på same måte som UiO forvaltar nasjonale ressursar gjennom andre samlingar som til dømes Kulturhistorisk museum og Naturhistorisk museum.

Vi vil òg peike på at for fleire av dei einskilde ressursane føregår forvaltning og vidare utvikling i samarbeid med andre nasjonale og nordiske institusjonar. Vedlikehaldet av Ordbanken skjer i samarbeid med Språkrådet, og vidareutviklinga av dei gamalnorske ressursane skjer innanfor ramma av det nordiske samarbeidet *Medieval Nordic Text Archive*. Det finst fleire døme, og ikkje minst ligg det her eit

potensiale for enno meir tverrinstitusjonell utviklings- og forskingssamarbeid gjennom framtidige målretta prosjekt og tiltak.

Skal samlingane verkeleg kunne brukast innanfor forskning og undervisning, føreset det at dei er tilgjengelege for slike føremål. Mykje av materialet er det, men dessverre er det slik at ein god del ikkje er tilgjengeleg for forskarsamfunnet i det heile tatt, eller det har svært avgrensa tilgjenge. For forskarane ved UiO er dette eit mindre problem enn for forskarar i nordistikk og lingvistikk ved andre institusjonar. I dei tilfella grunnlagsmaterialet ikkje er digitalisert, ligg dei tilgjengelege i dei fysiske arkiva på Blindern. Dei vitskapleg tilsette som arbeider i tilknytning til samlingsressursane vil kunne rettleie andre forskarar og studentar på staden. For forskarar og studentar andre stader i Noreg og verda er tilgjenget til delar av ressursane likevel vesentleg dårlegare. Eit eksempel på det siste er bustadnamnregisteret (jf pkt. 6.2), som berre ligg nettpublisert som JPEG- og TIFF-filer utan utvikla søkjemoglegheiter. Dersom potensialet i dette materialet for forskning og undervisning skal kome til sin rett, er det viktig at dette problemet blir løyst på ein tilfredsstillande måte. Ei anna problemstilling, som gjeld fleire av ressursane, er at det ikkje er utvikla brukargrensesnitt som fungerer tilfredsstillande for større brukargrupper av forskarar og studentar.

Nå det gjeld faktisk bruk, viser både intervju og nettundersøking at det er varierende, men avgrensa kor mykje vitskapleg tilsette ved ILN utanfor samlingane bruker desse ressursane. Svaret på det tredje spørsmålet er altså at samlingane i nokon grad blir brukte i instituttets forskning, medan dei i liten grad blir brukte i undervisninga, om ein held forskning og undervisning i leksikografi og namnegransking utanfor. Sjølv om det var få respondentar, er det likevel slik at desse representerer dei ulike fagområda på instituttet som ligg utanfor samlingsmiljøa. Om ein skal spekulere på grunnar til dette, kan det vere at samlingane er dårleg kjende for mange av dei tilsette ved instituttet, eller at tilgjengelegheit og brukargrensesnitt for ressursane ikkje er gode nok. Språk- og namnesamlingane har dei seinaste ti åra vore lokaliserte utanfor campus og ikkje saman med resten av forskingsmiljøet ved ILN. Den delte lokaliseringa gjer at det er svært lite kontakt mellom dei vitskapleg tilsette ved samlingane og dei tilsette ved

ILN i det daglege. Dette kan også gjere sitt til at kjennskapen til innhaldet i samlingane og terskelen for å bruke samlingsmaterialet er høg. Men det er rimeleg å rekne med at også tilgjengelegheit til ressursane, og i kva grad dei er kjende for dei tilsette, kan spele inn her.

For fleire av ressursane er tilfellet at det ikkje er brukt midlar på brukarvennleg publisering og brukargrensesnitt, og dette gjer tilgjengelegheit mindre brukarvennleg enn det kunne vore. Denne stoda heng primært saman med at midlane som i perioden frå 1990-talet og fram til i dag har blitt løyvde til digitalisering og auka tilgjengeleggjering av samlingsressursane, ikkje har omfatta utvikling av meir brukarvennlege grensesnitt.

Vidareutvikling og framtidig forvaltning av ILNs samlingar vil krevje ressursar, både til laupande utvikling og til å gjere fleire av dei eksisterande samlingsressursane tilgjengelege (først og fremst gjennom digitalisering) og til å vidareutvikle dei samlingane som er digitalt tilgjengelege slik at ressursane blir endå meir brukarvennlege.

Eit problem som ser ut til å gjelde mange av dei vurderte ressursane, er at dei kan vere vanskelege å finne fram til på UiOs nettsider, og det ligg ei framtidig arbeidsoppgåve i å byggje opp ein betre nettkatalog over desse ressursane med tanke på å gjere bruken av ressursane enklare.

På tvers av alle dei samlingane som instituttet rår over finst det materiale som ikkje er tilgjengeleg, men som representerer ein potensiell verdi innanfor forskning og undervisning. Vidare trengst det vitenskapleg personale som både kan ta vare på og vidareutvikle desse samlingane. Dette gjeld både dei delsamlingane som per i dag framleis har vitenskapleg personale knytt til seg (namn, leksikografi, gammalnorsk) og dei som ikkje lenger har det (målføresamlingane).

Kort beskrivelse av ressursen

Samlingarna vid Gammelnorsk ordboksverk har under de senaste decennierna i hög grad digitaliserats under ledning av Christian-Emil Ore. Resultatet av detta digitaliseringsarbete läggs för tillfället ut som sökbara texter inom ramen för projektet Menotec (Medieval Norwegian Text Corpus) som drivits vid UiO av undertecknad och Christian-Emil Ore och i samarbete med Odd Einar Haugen i Bergen. Detta projekt har involverat 6 MA-studenter under de senaste åren, varav två nu är PhD-stipendiater (tyvärr inte vid ILN). Materialet kommer att vara tillgängligt för instituttets forskare liksom för forskare internationellt via Menota (Medieval Nordic Text Archive). I nuläget använder flera doktorander vid instituttet Menotecs material för sina avhandlingar (t.ex. Kari Kinn och Terje Wegener) och den nordiska korpus som är under uppbyggnad inom Menota är även den ofta använd av våra forskarstuderande och postdoc-stipendiater. I nuläget vet jag dessutom om ett flertal MA-studenter som använder främst den större korpusen. För forskare inom norrönt är denna korpus alltmer central och det visar sig dessutom att lingvister som arbetar med det historiska materialet har börjat uppmärksamma de möjligheter som materialet ger.

Gammelnorsk ordboksverk har även en stor bildsamling med framför allt bilder av laghandskrifter och diplom. Denna samling har länge legat outnyttjad, men nu är den åter tagen i bruk av både MA-studenter, PhD- och postdoc-stipendiater och seniora forskare. Laghandskrifterna har legat till grund för transkriptioner av totalt åtta handskrifter som nu efterhand görs tillgängliga inom Menotec och Menota. Detta material kommer att vara centralt under de närmaste tio åren fram till 750-årsjubileet för Magnus Lagaböters Landslag (MLL) 2024. Ett större samarbetsprojekt mellan UiO och UiB är under uppbyggnad (en ansökan från UiB är just nu under behandling av NFR och omfattar bland annat en postdoc som kan komma att förläggas till ILN). Bildarkivet för diplommaterialet har även det använts flitigt inom Menotecprojektet där delar av det har gjorts tillgängliga för syntaktisk och morfologisk sökning. I nuläget är det dessutom ett par MA-studenter som använder bilderna för sina avhandlingsarbeten.

I ILN:s källare finns en del gammalt sedelmaterial och annat. Här måste jag erkänna att jag inte helt har överblicken över vad detta material innehåller. Min förmodan är att det inte i nuläget är använt i någon forskning och att det kanske har spelat ut sin roll. Men här skulle det krävas en ordentlig genomgång av materialet för att avgöra dess värde

Tilgjengelighet

Menotec

Information om projektet: http://www.forskningsradet.no/prognett-infrastruktur/Artikkel/Database_med_norske_middelaldertekster/1253959665359

Sökbarhet: http://www.edd.uio.no:3000/users/sign_in

För att använda dessa sökfunktioner måste man registrera sig som brukere, vilket man gör från ovanstående websida.

Menota

Information om projektet: <http://www.menota.org/forside.xhtml>

Søkbarhet: <http://www.menota.org/tekstarkiv.xml>

Menotas databas er helt öppen och det krävs ingen registrering.

Størrelse

Menotec omfattar det norska middelaldermaterialet från 1100-talet och fram till 1300 närmast komplett (ca . För 1300- och 1400-talet består materialet dels av MLL (ca 400000 ord) och diplommaterial (ca 2500000 ord). När hela databasen föreligger i färdigt sick kommer den att omfatta ca 1500000 ord.

Menota utvecklas kontinuerligt. I nuläget omfattar arkivet 1085625 ord. Det skall nämnas att Menotec-materialet dels kommer att göras tillgängligt här, dels med egna sökfunktioner.

lagringsmedium

Elektroniskt i form av databaser med olika sökredskap.

Bruksområder

Arkivet kan användas av både filologer, litteraturvetare och lingvister inom instituttet. Vi vet dessutom att t.ex. historiker, religionshistoriker och teologer använder databasen för att finna information.

Karl G. Johansson
Universitetet i Oslo
Institutt for lingvistiske og nordiske studier
Postboks 1102 Blindern
0317 Oslo
Telefon +47 22856142
k.g.a.johansson@iln.uio.no

Samlingene ved Navnegransking ILN

Notat fra Tom Schmidt 26/11-2013

Samlingene ved *Navnegransking* bygger i all hovedsak på tilfang fra Norsk stadnamnarkiv, grunnlagt i 1921. Etter stortingsvedtak ble forvaltningen av samlingene overført til Universitetet i Oslo 1978. Samlingene, som er under kontinuerlig utvidelse, danner grunnlag for forskning og undervisning, men skal også være tilgjengelige for allmenheten.

- **«Den nasjonale stedsnavnbasen»**
 - Innhold: Bygger på det gamle *Herredsregisteret* ved Navnegransking ILN (ca. 400.000 navn) samt samlingene ved *Stadnamnsamlinga* ved Universitetet i Bergen (ca. 250.000 navn) og *Seternavnregisteret* (ca. 50.000 navn). Også om lag 3.700 originale innsamlingskart fra Oslo og Bergen.
 - Status: Skannede papirsedler/kart. Søkbar på fylke, herred/kommune, enkeltnavn og navneledd (<http://www.edd.uio.no/perl/search/search.cgi?appid=93&tabid=1383>), men med uferdig og utilfredsstillende brukergrensesnitt. Navnesedlene fra Bergen kan ikke vises. Papirsedlene er fremdeles uunnværlige.
 - Nytte: Empirisk og teoretisk navneforskning, leksikografi, kartproduksjon, navnenormering, formidling til eksterne miljøer, f.eks. lokalhistorie og bosetningshistorie
 - Brukere: Navneforskere og studenter nasjonalt og internasjonalt, forvaltningen (Språkrådets stedsnavntjeneste), Kartverket, forfattere, lokalhistorikere, allmenheten.
- **Landsregisteret**
 - Innhold: 400.000 navn – alfabetisert kopi av *Herredsregisteret* (se ovenfor)
 - Status: Papirsedler (A6), nå lagret i NEMKO-kjelleren.
 - Nytte: Viktig for kontroll inntil «Den nasjonale stedsnavnbasen» er operativ.
 - Brukere: Navneforskere og studenter ved ILN; også ved henvendelser fra allmenheten.
- **Etterleddsregisteret**
 - Innhold: 400.000 navn - kopi av *Herredsregisteret* (se ovenfor)
 - Status: Papirsedler (A6), nå lagret i NEMKO-kjelleren.
 - Nytte: Viktig for kontroll inntil «Den nasjonale stedsnavnbasen» er operativ.
 - Brukere: Navneforskere og studenter ved ILN; også ved henvendelser fra allmenheten.
- **Seternavnregisteret**
 - Innhold: 50.000 navn i to samlinger; én herredsvis og én for hele landet
 - Status: Seddelarkiv samt skannet versjon (se «Den nasjonale navnedatabasen» ovenfor; de samme begrensningene gjelder).
 - Nytte: som «Den nasjonale navnedatabasen».
 - Brukere: som «Den nasjonale navnedatabasen».
- **Mindre, digitaliserte stedsnavnsamlinger**
 - Innhold: Til sammen ca. 100.000 navneposter registrert siden 1985.
 - Status: Mye i Access, men også i ulike eldre databaseprogram. Behov for oppgradering til moderne databaseformat.
 - Nytte: som «Den nasjonale navnedatabasen».
 - Brukere: som «Den nasjonale navnedatabasen».

- **Bustadnavnregisteret**
 - Innhold: Navn på matrikulerte gårder/gårdsbruk, husmannsplasser og andre bosteder. Ca. 100.000 navnesedler fra 12 fylker.
 - Status: Skannet i 1995 gjennom Dokumentasjonsprosjektet, men ennå ikke tilgjengelig. Seddelarkivet er fremdeles uunnværlig og i daglig bruk.
 - Nytte: Grunnlagsmaterialet for hovedprosjektet ved Navnegransking, *Bustadnavn i Østfold (BØ)*
 - Brukere: Navneforskere nasjonalt og internasjonalt, forvaltningen (Språkrådets stedsnavntjeneste), Kartverket, forfattere, lokalhistorikere, allmenheten.

- **HOP-registeret**
 - Innhold: Register over navn og navneledd som er behandlet i hovedfagsoppgaver og enkelte monografier fra ca. 1920 til midt på 1990-tallet. Ca. 250.000 poster.
 - Status: I ACCESS-base; tilgjengelig internt på Navnegransking ILN.
 - Nytte: Forskning i stedsnavn.
 - Brukere: P.t. navneforskere og studenter ved ILN; potensielt: Språkforskere nasjonalt og internasjonalt, forvaltningen (Stedsnavntjenesten).

- **Samling av hovedoppgaver m.m.**
 - Innhold: Hovedoppgaver, masteroppgaver og mellomfagsoppgaver.
 - Status: Kopier.
 - Nytte: Forskning i stedsnavn.
 - Brukere: Navneforskere og studenter ved ILN; Stedsnavntjenesten. Jf. HOP-registeret.

- **Etymologiregisteret**
 - Innhold: Ekserpter fra faglitteratur ca. 1913–1995. Kopier av papirsedler fra Institutet för språk och folkminnen, Uppsala. Ca. 150.000 poster.
 - Status: <http://www.edd.uio.no/perl/search/search.cgi?appid=20&tabid=589>. Må suppleres med norsk materiale og oppdateres.
 - Nytte: Viktig i sammenliknende navneforskning.
 - Brukere: Nordiske navneforskere. Studenter.

- **Ekserptregisteret**
 - Innhold: Ekserpter av skriftformer av stedsnavn fra eldre kilder. Ca. 150.000 poster – under kontinuerlig oppbygging.
 - Status: ACCESS-base, kun tilgjengelig ved Navnegransking, ILN.
 - Nytte: stedsnavnforskning, særlig bostedsnavn; prosjektet BØ
 - Brukere: P.t. navneforskere og studenter ved ILN; potensielt i hele Norden.

- **«Skolebarnoppskriftene»**
 - Innhold: Stedsnavn, hovedsakelig mikrotoponymer, samlet inn på 1930-tallet ved hjelp av skolebarn, 8 hyllemeter, anslagsvis 1.250.000 navn.
 - Status: Papirkopier i A4-format
 - Nytte: Stedsnavnforskning.
 - Brukere: Navneforskere og studenter ved ILN, lokalhistorikere, allmenheten.

- **Kartsamlingene**
 - Innhold:
 - 1. Økonomisk kartverk 1:5 000 / 1: 10 000. Hele Østfold, samt utvalgte kommuner fra hele landet.
 - 2. *Norge 1:50 000*. Eldre og nyeste utgaver.
 - 3. Sjøkart. Eldre og nyere sjøkart fra hele landet.
 - 4. Rektangel- og gradteigskart fra hele landet.
 - 5. Danske og svenske kart.

- Nytte: Uunnværlig for sammenliknende stedsnavnforskning. Grunnlag for navnenormering.
- Brukere: Navneforskere og studenter ved ILN, Stedsnavntjenesten.
- **Matrikkelutkastet ca. 1950**
 - Innhold: Kopi av Norges matrikkel oppdatert t.o.m. ca. 1950. 18 hyllemeter folioark i 117 kassetter.
 - Status: Avskrift på <http://www.dokpro.uio.no/cgi-bin/stad/matr50>.
 - Nytte: Dokumentasjon.
 - Brukere: Allmenheten. Navneforskere ved ILN bruker daglig materialet fra Østfold (6 kassetter), resten i NEMKO-kjelleren.
- **Grunnmanuskriptet til *Bustadnavn fra Østfold***
 - Innhold: 7.789 sider (A5) i 25 kassetter (3 hyllemeter).
 - Status: Papir. Materialet er filmet og sikret av Kodak Norge.
 - Nytte: Grunnlag for hovedprosjektet *Bustadnavn i Østfold*.
 - Brukere: Navneforskere ved ILN. Lokalhistorikere.
- **Gustav Indrebøs navneekserpter**
 - Innhold: Ekserpter fra kart, matrikler og kildeutgaver. 30 hyllemeter.
 - Status: Papir (A5); alt nå i NEMKO-kjelleren.
 - Nytte: Dokumentasjon.
 - Brukere: Navneforskere ved ILN.
- **Lydbånd**
 - Innhold: ca. 1.200 kassettbånd med opptak av dialektuttale av stedsnavn, ca. 1000 timer opptak.
 - Status: Om lag halvparten er digitalisert, men ennå ikke tilgjengelig.
 - Nytte: Dokumentasjon.
 - Brukere: Navneforskere ved ILN.
- **Personnavn**
 - **1. Middelalderen**
 - Innhold: 10.000 ekserpter fra *Diplomatarium Norvegicum*.
 - Status: Papirsedler.
 - Nytte: Viktig for personnavnforskning.
 - Brukere: Navneforskere ved ILN. Grunnlag for revisjon av *Norsk personnamnleksikon*.
 - **2. 1600-tallet**
 - Innhold: 100.000 ekserpter fra *Skattematrikkelen 1647*.
 - Status: Digitalisert til intern bruk på ILN. Papirutskrift av ulike sorteringer.
 - Nytte: Uunnværlig for personnavnforskning.
 - Brukere: Navneforskere ved ILN. Grunnlag for revisjon av *Norsk personnamnleksikon*.
 - **3. Nyere tid**
 - Innhold: 50 000 fornavnekserpter fra ulike kilder siden 1700-tallet.
 - Status: papirsedler (A6); under kontinuerlig oppbygging.
 - Nytte: Uunnværlig for personnavnforskning.
 - Brukere: Navneforskere ved ILN. Grunnlag for revisjon av *Norsk personnamnleksikon*.

- **Småtrykksamling**
 - Innhold: ca. 3400 særtrykk av navnefaglig litteratur.
 - Status: I mapper, ca. 4 hyllemeter. Registrert i ACCESS-base
 - Nytte: Navneforskning m.m.
 - Brukere: Navneforskere ved ILN.

- **Hovedfags- og masteravhandlinger**
 - Innhold: kopi av om lag 300 avhandlinger – flest om stedsnavn - fra alle landets universiteter. – 9 hyllemeter.
 - Status: Fram til ca. år 1995 er stedsnavnene registrert i HOP-registeret (se ovenfor).
 - Nytte: Navneforskning – lokalhistorie.
 - Brukere: Navneforskere og studenter ved ILN.

- **Håndbibliotek**
 - Innhold: Ca. 250 hyllemeter med kildekrifter, ordbøker, lokalhistorisk litteratur og – spesielt – navnefaglig litteratur fra Norden og Nord-Europa som i liten grad finnes på UB eller ved andre norske universiteter..
 - Status: Registrert i BIBSYS fram til ca. 2005. Ikke utlån.
 - Nytte: Navneforskning.
 - Brukere: Navneforskere og studenter ved ILN.

Redegjørelse av ressurser ved Bokmålsavdelingen, Leksikografi, ILN

Leksikografisk bokmålskorpus (LBK)

Et vektet korpus av bokmålstekster fra 1985-2013 fordelt på teksttyper og år etter et visst vektmål. Alle ord er tagget med ordklasse, alle tekster er merket for sosiale variabler hos forfattere som alder, kjønn og bosted, samt bibliografiske data

- Tilgjengelighet (oppgi URL der det er aktuelt): For språkforskere etter søknad. Skal gjøres ytterligere tilgjengelig gjennom Clarino.
- Størrelse: 100 mill løpeord
- Lagringsmedium: elektronisk
- Bruksområder: leksikografisk forskning, ellers all annen språkforskning, særlig egnet for statistiske undersøkelser.

Ordbanken, bokmålsdelen

En database over alle ord i norsk med fullformer for alle bøyningmuligheter, både korrekte og hyppige feilformer.

- Tilgjengelighet (oppgi URL der det er aktuelt): Via Språkbanken for alle
- Størrelse 130 000 poster?
- Lagringsmedium: elektronisk
- Bruksområder: all forskning på morfologi i norsk bokmål, og ved utvikling og oppgradering av ordbøker. Som grunnlagsmateriale for alle språkteknologiske verktøy som analyserer språk

Norsk kollokasjonsdatabase

Statistisk analyse av hele LBK gjennom GramTrans v/Eckhard Bick, der statistisk beregning av samforekomster av ord er gjort av hele korpuset. Dette er et stort og viktig råmateriale for utvikling av en norsk kollokasjonsordbok og ILNs bidrag inn i BRO-prosjektet /Bokmålets og riksmålets ordbase)

- Tilgjengelighet (oppgi URL der det er aktuelt): for språkforskere etter søknad
- Størrelse 100 mill. ord med statistisk beregning på alle ordene
- Lagringsmedium: elektronisk
- Bruksområder: kollokasjonsordbok, utvalg av bedre eksempler i eksisterende

ordbøker, bedre beskrivelse av argumentstruktur i ordbøker og fraseologiske oversikter.

Pilot: Norsk Ordnett (NorNet) – et norsk, språkteknologisk ordnett

En uferdig versjon av et ordnett med utgangspunkt i norsk språk ved at de er trukket automatisk ut fra Bokmålsordboka. En stor del av materialet er manuelt korrekturlest. Planen er å kombinere dette med Språkbankens oversettelse av DanNet, som her et mye større omfang. Relasjonene som kartlegges er først og fremst hyponymi og synonymi, men også antonymer og meronymer og andre semantiske relasjoner kan kartlegges ut fra denne basen.

- Tilgjengelighet (oppgi URL der det er aktuelt): Ikke tilgjengelig utenfor fagmiljøet, kan anvendes for språkforskning på semantiske relasjoner mellom ord
- Størrelse: ca 20 000 substantiv, adjektiv og verb som baseressurs, som dekker kjerneordforrådet i norsk. Antall relasjoner mellom ordene vil
- lagringsmedium: elektronisk
- Bruksområder: all datamaskinell språkbehandling der semantikk er relevant.

Nyordsmaterialet

– Tilgjengelighet (oppgi URL der det er aktuelt): Det fysiske arkivet er nå tilbake på Blindern og omfatter svært mange tusen sedler med ekserpter fra 1968 til 2000, med hovedvekt på 1970- og 1980-tallet. (Seinere er noe materiale fra 1950-årene og fram til 1960 lagt til.) Materialet er kodet med ordklasse og ordlagingsstype og kan sorteres på disse kodene, noe som gjør det anvendelig også for studier av ordlagingsstyper fra den aktuelle perioden.

- Tilgjengelighet (oppgi URL der det er aktuelt): Elektronisk tilgjengelig på http://www.dokpro.uio.no/bokmaal/nyord/nyord_ramme.html
- Størrelse Ca 300 000 ekserpter
- lagringsmedium: papir og elektronisk (noen sedler og noen papirutskrifter av elektronisk materiale)
- Bruksområder: Ble brukt for lemmaseleksjon i redigeringen av Bokmålsordboka. Kan i dag anvendes som tidlig dokumentasjon på nyord i norsk bokmål for perioden 1968-2000.

Det litterære ordboksverk – seddelarkiv

Det norske litterære ordboksverk skulle dekke det norske ordforrådet og utviklingen av det fra 1500-tallet til vår tid. Prosjektet ble igangsatt i 1921 og har ikke blitt videreført eller konkretisert. Et ganske omfattende arkiv ble bygd opp. Ekserpert materiale som skulle danne grunnlag for Norsk litterær ordbok tilhører ILN og er nå plassert i magasinet under P.A.Munchs hus på Blindern.

– Tilgjengelighet (oppgi URL der det er aktuelt): Dette materialet er ikke digitalisert, så det er viktig at det blir tatt godt vare på.

– Størrelse: Det fysiske arkivet omfatter mellom 3,5 og 4 millioner sedler.

– lagringsmedium: papirsedler. Det består av 15x7 skuffeenheter (med hver 5x4 skuffer i) med gamle ordbokssedler. En skuffseksjon er nok vel en meter, så det blir kanskje 20 m i lengden og kanskje 3 m i høyden med slike seksjoner.

– Bruksområder: Dokumentasjon på ord og uttrykk som ble vurdert som ekserpseringverdige gjennom perioden 1960-2000 av fagleksikografer. Arbeidet ble ledet av professor Dag Gundersen.

Litterære tekster - bokmål

I forbindelse med Dokumentasjonsprosjektet ble det store arkivet til Norsk litterært ordboksverk vurdert for digitalisering, jf. over. Man vurderte imidlertid det som i stedet for å digitalisere sedlene i forfatterarkivene, er tekstene skannet inn i sin helhet. Det skannede materialet omfatter tekster fra ca. 1550 til ca. 1900, de fleste fra 1800-tallet. I alt er det skannet inn ca. 60 000 boksider. Materialet omfatter verker av bl.a. Mattis Størssøn, Absalon Pederssøn Beyer, Dorothe Engelbretsdatter, Petter Dass, C.B. Tullin, Claus Fasting, Henrik Wergeland, Asbjørnsen og Moe, Camilla Collett, Bjørnstjerne Bjørnson, Jonas Lie, Alexander L. Kielland, Jacob Breda Bull, Hans Jæger, Sigbjørn Obstfelder og Ragnhild Jølsen. Dessuten er en del memoarlitteratur blitt digitalisert. Faglig ansvarlig i prosjektperioden: Professor Dag Gundersen, INL, UiO

Ruth Vatvedt Fjeld, 29.11.2013

Oversyn over samlingsressursar for nynorsk ved ILN, UiO

28.11.2013

Nedanfor er ei nummerert oppstilling av dei ressursane ved ILN som leksikografamiljøet har ansvar for og som etter fagtradisjonen er rekna til grunnlaget for utforsking av norsk talemål og nynorsk skriftmål. Kategoriane som er brukte, er dei som er nemnde i epost 20.11.2013 "Bestilling av materiale" frå instituttleiar Kristian Emil Kristoffersen:

- "– Kort beskrivelse av ressursen
- Tilgjengelighet (oppgi URL der det er aktuelt)
- Størrelse
- lagringsmedium
- Bruksområder"

Samplingsressursane er nummererte. Nummer 1-21 er ressursar som for det meste er digitaliserte eller under digitalisering og som er i dagleg bruk for nynorskleksikografane. Nummer 22-32 er delsamlingar som vart bygde opp under Norsk Målførearkiv, og som ikkje er digitaliserte enno. Somme er delvis komne med i digitaliseringsprosessen gjennom kopiar i andre samlingar. Dette er det gjort greie for under kvart punkt. Dei blir brukte av forskarar i og utanfor UiO, for det er kjent i fagmilja at dei finst. Men papirsamlingar i arkiv har ikkje same bruksmengd som digitaliserte samlingar.

Målføresamlingane etter Norsk målførearkiv omfattar mykje meir enn det som er lista opp i den nummererte lista. Professor (no emeritus) Arnold Dalen (NTNU) laga eit oversyn over samlingane etter Norsk Målførearkiv i form av eit notat som vart skriva i 2001. Dette notatet er teke inn sist i dette dokumentet til utdjuping.

I eige dokument sender vi også over oversyn over dei digitale resurane som vart skapte gjennom ILNs deltaking i ALLEX-prosjektet (1991-2006). Desse ressursane er brukte internasjonalt av di dei gjev den internasjonalt beste vitskaplege dokumentasjonen av bantuspråka shona og ndebele, og arbeidet vart utført i samarbeid med INL.

Oslo, 29.11.2013

Oddrun Grønvik, Olaf Almenningen, Lars Vikør, Dagfinn Worren

Samlingsoversyn for nynorsk og målføre - nummerert liste

nummer	1
Namn	Norsk Ordbok (NO 2014) - ordboksdatabase
Beskriving	<p>Norsk Ordbok er den største og mest innholdsrike ordboksressursen i Noreg. NO dekkjer dei norske målføra og det nynorske skriftmålet. Ordboka inneheld per dato om lag 340 000 ordartiklar på papir (a-t), 210 000 i ordboksdatabase (i-t). Fullføring av papirutgåva (i-å) er stortingsprosjekt opp mot 200-års-jubileet for Grunnlova i 2014. Nettutgåva (per dato i-tåvren) vart lansert 15.3.2012. Manuskriptet for siste del av bokstaven h () ligg føre som digital tekst, men er ikkje lasta inn i ordboksdatabase. Papirutgåva er i sal. Publisering på papir og nett skjer band for band etter prosjektplan.</p> <p>Norsk Ordbok har i tillegg til relasjonsdatabase med sjølve ordboksteksten ein serie støttedatabasar med til dømes bibliografi og heimfestingar, administrasjonssystem for redaktørar osv. Databasesystemet er til saman eit produksjonsanlegg for tekst der ein kan ta inn og systematisera kjelder til bearbeiding lagra tilfanget i den orden ein vil ha, og ta ut prenteferdig sats av manuskript (xml > sats i pdf > papir, xml > stilark > nettutgåve).</p>
Tilgjenge	<p>Den delen av Norsk Ordbok som er redigert i prosjektperioden (2002-) er tilgjengeleg på nettet for alle.</p> <p>Heile database er tilgjengeleg for NO-redaksjonen.</p>
Storleik	<p>a-håvøyll: 25-27000 artiklar per band, om lag 130 000 artiklar redigerte 1948 - 2001, tilsvarande 7354 boksider.</p> <p>i-tåvren: 25-27000 artiklar per band, om lag 210 000 ferdige artiklar per dato, tilsvarande 10400 boksider.</p> <p>1 spalte = 1 vanleg bokside.</p>
Lagringsmedium	<p>Norsk Ordbok er lagra som relasjonsdatabase og på papir (publiserte band). Databaseformatet blir publisert på nett frå xml.</p> <p>Databaseformatet vart opphavleg skriva i Delphi, er no under nyskriving i Java.</p>
Bruk	<p>Intern bruk: Ordboksredaksjonen til redigering og leksikografisk og leksikologisk forskning.</p> <p>tenesteyting: Ein del service til andre forskarar (liste med artiklar med "insekt" i definisjonen; liste med artiklar med definisjon merkt "jur." og liknande)</p> <p>Nettutgåva har om lag 350 tilslag i døgnnet, dvs. om lag 120 000 søk på årsbasis. Nettutgåva er lite marknadsført og blir førebels truleg mest nytta av folk med særleg interesse for eller grunn til å bruka NO (såleis til å identifisera målføretilfang med normalform og liknande).</p>
URL	<p>http://no2014.uio.no/perl/ordbok/no2014_resultatliste.cgi</p> <p>Frå denne nettsida kjem ein vidare til dei fleste av dei samlingskomponentane som er omtala nedanfor som ligg på nettet.</p>
nummer	2
Namn	Nynorskkorpuset
Beskriving	<p>Nynorskkorpuset inneheld tekst frå norske forfattarar og forlag, etter avtale med kvar rettshavar (i samsvar med gjeldande reglar for opphavsrett). Det er eit monitorkorpus under stadig utvikling, som dekkjer nynorsk tekst 1866 - 2013. Det er brukt originaltekstar, så rettskrivinga i dei eldre tekstane ligg langt unna dagens rettskriving. Alle tekstar er fullstendige, bortsett frå figurar og til dels noteverk. Ein finn brukarretteiing og noko (dynamisk) korpusstatistikk i tilknytning til nettsidene. Nett no er noko over 80 % av teksten frå 1975 eller seinare.</p>
Tilgjenge	<p>Nynorskkorpuset ligg fritt tilgjengeleg på nett, og bruk er gratis. Nynorskkorpuset på nett har fleire søkjeinngangar (standard, avansert, frekvens; eigne forfattarkorpus for Vinje, Garborg, Duun, Vesaas er laga og vil bli lagde ut). Korpuset er tilgjengeleg for redaksjonen av NO2014 direkte frå redigeringsapplikasjonen (integreert tilgjenge).</p>
Storleik	<p>litt over 90 mill. ord</p>
Lagringsmedium	<p>TEI-tagga korpus lagra på EDD-området. To versjonar, ein med søkjespråk COP og ein i Oracle. Brukarretteiing. Korpusetekstar er også lagra separat som fulltekst (txt), og avtaleverk med rettshavarar er a jour.</p>
Bruk	<p>Uunnverleg arbeidsreiskap for NO2014-redaksjonen, Språkrådet og alle som vil driva ordgransking i norsk språk. Mykje brukt både innanfor og utanfor UiO.</p>

URL http://www.muspro.uio.no/NO2014nynorskcorpus/conc_enkeltok.htm

nummer 3
Namn **Metaordboka**
Beskriving Indeks for dei nynorske ordsamlingane. Oppslag er skilde på ordform + ordklasse. Skapt om lag 2000, gjennomnormert i-å 2002, a-e 2002-2011, resten og tillegg under laupande normering. Samordnar tilfang frå 1600 til i dag. Normeringsspråket er nynorsk, med 1938-rettskrivinga. Kopla til Norsk Ordboks ordboksdatabase (NO-artiklane er genererte frå MO), inneheld NOB 2005.
Tilgjenge Søkbar database, fritt tilgjengeleg på nett og gratis i bruk. Tilgjengeleg for NO-redaksjonen gjennom redigeringsapplikasjonen. Publisert på nett 1997, i noverande grensesnitt 2002.
Storleik per dato om lag 570 000 artiklar (for unike kombinasjonar av ordform + ordklasse) med om lag 3.5 mill. belegg frå ulike samlingar, ordbøker og referanseverk
Lagringsmedium Relasjonsdatabase. Skriven i Delphi (Oracle), under nyskriving i Java
Bruk Referansepunkt for alle ordsøk som gjeld målføre eller nynorsk. Tilsvavar Tanums rettskrivingsordbok for bokmål i tal artiklar.
URL <http://www.edd.uio.no/perl/search/search.cgi?tabid=571&appid=7>

nummer 4
Namn **Ordbanken - Nynorsk**
Beskriving Fullformgenerator for nynorsk med om lag 127000 artiklar. Byggjer på tilfang frå IBM og inkluderer Nynorskordboka frå 1996 og til no. Skapt 1996-1998 ved ILN med deltaking frå fleire fagmiljø, og frå Språkrådet. Opp gradert 2012 for nynorsk med nyaste rettskriving, leddeling etc. I konstant bruk både ved ILN og Språkrådet. Nasjonalbiblioteket har abonnementsavtale og distribuerer Ordbanken som gratisteneste til næringslivet. Ordbanken er eit felleseige mellom UiO v/ ILN og Språkrådet, og har eiga styringsgruppe.
Tilgjenge Kan lastast ned frå <http://www.edd.uio.no/prosjekt/ordbanken/> på GPL-lisens eller på andre vilkår etter særskild avtale.
Storleik om lag 127 000 artiklar
Lagringsmedium relasjonsdatabase
Bruk Føresett og uunnverleg reiskap i administrasjonen av norsk rettskriving. Nyttå som basis for tagge- og parsarprogram og andre språkteknologiske tiltak ved og utanfor UiO.
URL <http://www.edd.uio.no/prosjekt/ordbanken/>

nummer 5
Namn **Nynorskordboka**
Beskriving Standardverket for nynorsk ordtilfang og rettskriving. Handordbok for skule og arbeidsliv og folk flest, med korrekte og fullstendige opplysningar om rettskriving og bøying, pluss definisjonar og bruksdøme. Rikt lemmautval med vekt på å syna fram nynorsk ordtilfang og klargjera ortografiske tvilstilfelle (moglege samansetningar, fugar, avleiingstypar osv.). Representerer den første gjennomarbeidinga av Setelarkivet for ordboksføremål - alle ord med heimfestingar frå tre fylke eller meir, er med. Første utgåve 1986, om lag 40 årsverk. Halden ved like med nokså avgrensa innsats fram til 2011-2012, då det vart gjennomført ei større oppgradering av artikkelhovudet i nettutgåva. Artikkelhovudet for både NOB og BOB blir no generert frå Ordbanken for nynorsk. NOB er opphavleg utarbeidd ved Norsk Leksikografisk institutt, UiO. NOB på nett er no åttå av ILN og Språkrådet i fellesskap.
Tilgjenge Gratis og fritt tilgjengeleg på nett. Papirutgåve frå 2005 i handelen.
Storleik om lag 90 000 ordartiklar, om lag 1500 sider, tekstmengd tilsvarande to band av Norsk Ordbok.
Lagringsmedium Same databaseformat som NO2014.
Bruk I dagleg bruk som resurs for undervisning og offentleg administrasjon. 28 mill. tilslag frå november

URL	2012 til november 2013. http://nob-ordbok.uio.no/perl/ordbok.cgi
nummer	6
Namn	Setelarkivet
Beskriving	Inneheld uvurderleg originaltilfang for målføre (transkribert) frå om lag 1930 og fram til i dag. Ekserpert skriftleg tilfang frå om lag 1600 til i dag. Ekserpering har vore ei laupande oppgåve sidan 1930, opphavleg ved informantar, frivillige og tilsette ved Norsk Ordbok. Etter 2002 er alle tillegg digitale. Sidan 2009 har ein kunna leggja til bilete av tekstutsnitt som dokumentasjon, og dermed kjeldefesta nettbelegg.
Tilgjenge	Gratis og fritt tilgjengeleg på nett. Først digitalisert av DokPro 1991-1997.
Storleik	3.2 mill. postar, om lag 2,9 mill. papirsetlar. Tilvekst om lag 15-20 000 belegg i året.
Lagringsmedium	Relasjonsdatabase med skanna og mikrofilma setlar, og papirparkiv (digitalisert med faksimile)1930 - 2001, frå 2002 berre elektroniske postar. Nyutvikla registrerings- og søkjeformat i Java
Bruk	Uunnverleg arbeidsreiskap for NO2014 og alle som vil driva ordgransking mot norsk språk.
URL	http://www.edd.uio.no/perl/search/search.cgi?tabid=436&appid=8
nummer	7
Namn	Ordliste (1954) av Matias Skard
Beskriving	Større skuleordliste, det mest utfyllande eksisterande registeret over 1938-rettskrivinga for nynorsk.
Tilgjenge	Gratis og fritt tilgjengeleg på nett sidan 2005 Også del av normeringsgrunnlaget for Metaordboka og Norsk Ordbok.
Storleik	35000 ordartiklar
Lagringsmedium	papir og Digital tekst (xml)
Bruk	I konstant bruk som normeringsgrunnlag for NO2014 og MO.
URL	http://www.edd.uio.no/perl/search/search.cgi?appid=53&tabid=924
nummer	8
Namn	Grunnmanuskriptet til Norsk Ordbok, og Grunnmanuskriptet med blyantrettingar
Beskriving	Samanskiving i 1917-rettskriving av ordbøkene til Aasen, Ross og Schjøtt + noko anna litteratur og andre ordsamlingar. utført 1930-1945 som forarbeid til Norsk Ordbok. Den annoterte utgåva har føydd inn (med blyant) opplysningar særleg frå ordsamlingane frå 1600 til 1900. Søkbar med normalisert rettskriving gjennom Metaordboka i annotert og ikkje-annotert utgåve. Manuskript i to eksemplar (hovudeksemplar og gjennomslag med blyantmerknader) i oppbevaring hos NO 2014.
Tilgjenge	Gratis og fritt tilgjengeleg på nett som søkbare databasar. Hovudeksempelret digitalisert av DokPro 1991-1997, eksemplaret med blyanttilskriftene publisert i digital form i 2007. Båe er samindekserte med anna tilfang via Metaordboka.
Storleik	om lag 13500 maskinskrivne sider, 105 000 ordartiklar. om lag 110 000 ordartiklar i manuskriptet med blyanttilskriftene.
Lagringsmedium	Søkbar database, skjøre papireksemplar i arkiv
Bruk	Uunnverleg arbeidsreiskap for NO2014 og alle som vil driva ordgransking mot norsk språk. Referansepunkt og kjelde for seinare leksikografi (brukt i arbeidet med Nynorskordboka og Bokmålsordboka).
URL	http://www.edd.uio.no/perl/search/search.cgi?tabid=993&appid=59 http://www.edd.uio.no/perl/search/search.cgi?appid=203&tabid=2265
nummer	9
Namn	Målføresynopsen
Beskriving	Katalogføring av målføredata ved Målførearkivet, UiO frå perioden 1959-1975, på grunnlag av Storms Kortere Ordliste frå 1884 (som tek sine dømeord frå Aasen: Norsk Ordbog. 1873). Målføresynopsen dekkjer om lag 2500 ordformer. Katalogformatet gjev rom for registrering frå 750 kommunar og til dels med fleire informantar per kommune. Nynorsk indekseringsspråk er i 1917-

rettskriving. Målføresynopsen finst i eitt einaste papireksempelar og som søkbar database med bilete (fotografi) av katalogsidene. Betre søkjesystem som tillet søk på einskildkommunar og einskildordformer er under arbeid. Systemet er klart (presentert på MONS 2011), men ikkje alle synopsiskatalogane er innskrivne.

Tilgjenge	Gratis og fritt tilgjengeleg på nett i to versjonar, ein som faksimilebase av protokollsidene (2009) og ein spesifisert søkjeapplikasjon (2011) som tillet søk på ordform og kommune i papirutgåva, og tillet digital registrering av ordform i tilslag. Databasen for den spesifiserte søkjeapplikasjonen inneheld førebels protokollar for Østfold og Akershus. I alt 24 protokollar er klargjorde for innlasting. Desse dekkjer Austlandet, Agder og Trøndelag.
Storleik	43 handskrivne protokollar - papir. om lag 6000 faksimilebilete i database.
Lagringsmedium	Digitalisert som faksimiledatabase 2009. Eigen søkjeapplikasjon som tillet spesifiserte søk på stad og ordform frå 2011. Papirutgåva i eitt eksemplar oppbevaring hos NO 2014
Bruk	Referansepunkt for talemålsstudiar både før og etter registreringsperioden 1950-1975. Uunnverleg som grunnlag for NO2014. Digital faksimileutgåve i dagleg bruk, søkbar ned til katalogside. Kan få sterkt auka bruk når findigitalisert søkjeinngang blir ferdig.
URL	søkbar biletserie: http://www.edd.uio.no/perl/search/search.cgi?appid=145&tabid=2165 spesifisert søkjeinngang til katalogdata i Målføresynopsen: http://www.edd.uio.no/synops/work/hovedside1.html?LiYdxGdnPXGCvuFWMsew

nummer	10
Namn	Ordbokshotellet
Beskriving	Digitaliserte ordbøker og ordarkiv, mest over norske målføre, samordna i sams format. Indekserte i Metaordboka. Omfattar også Storm: Kortere Ordliste (1884) og Rommetveit: Norsk landbruksordbok. Avtale med tekstleverandørar etter gjeldande reglar.
Tilgjenge	Gratis og fritt tilgjengeleg på nett frå 2007. Under laupande utbygging.
Storleik	58 ordsamlingar, 200 000 ordartiklar frå målføreordsamlingane
Lagringsmedium	Kvar ordsamling er lagra som xml-tekst. Ordsamlingane er søkbare via relasjonsdatabase.
Bruk	Uunnverleg arbeidsreiskap for NO2014 og alle som vil driva ordgransking mot norsk språk.
URL	http://www.edd.uio.no/perl/search/search.cgi?appid=118&tabid=1777

nummer	11
Namn	Bibliografibase for Norsk Ordbok 2014
Beskriving	Relasjonsdatabase med fullstendig bibliografisk informasjon i NorMarc-kategoriar for det litterære kjeldegrunnlaget for dei nynorske språksamlingane. Blir også nytta til å ordna og evaluera kjeldene som grunnlag for ordartiklar i NO2014
Tilgjenge	blir lagt ut som nett-teneste i 2013-2014
Storleik	om lag 5000 postar
Lagringsmedium	Relasjonsdatabase, knytt til databasesystemet for NO2014. Kjem ut på nett før årsskiftet.
Bruk	Uunnverleg arbeidsreiskap for NO2014. Føresetnad for å kunna utvikla søkjefunksjonaliteten i NO2014 og i Nynorskkorpuset.

nummer	12
Namn	Ordsamlingar 1600 - 1900
Beskriving	Manuskript i handskriftsamlingar ved bibliotek, digitaliserte av DokPro 1991-1997. Ein del er utgjevne i papirutgåve på 1900-talet, men er svært vanskelege å få tak i som bøker. Ein del finst i skriftserien frå Målførearkivet. Språket er transkribert målføre etter si tids rettskrivingskonvensjonar, dessutan dansk og latin. NO2014 har skaffa faksimilalar for somme av ordsamlingane frå Det kongelige bibliotek, København.
Tilgjenge	For NO-redaksjonen - andre ved førespurnad.
Storleik	173 ordsamlingar med eigen signatur, svært varierende storleik
Lagringsmedium	Papir og som digital tekst.

- Bruk** Del av grunnlaget for NO2014 - må brukast. Så tunge å bruka i den noverande forma at det er behov for eit faksimilearkiv.
- nummer** 13
- Namn** **Trønderordboka**
- Beskriving** Ordarkiv, opphavleg setelsamling på papir, bygd opp ved nordiskstudiet i Trondheim som dokumentasjon av målføra i Trøndelag frå 1930 og utetter. Ein del målføremerkte litteratur er ekserpert. Digitalisert av DokPro 1991-1997. Det opphavlege papirarkivet vart kassert av NTNU i samband med flytting i 2011, og faksimilane kan dermed ikkje kontrollerast mot førelegg.
- Tilgjenge** Gratis og fritt tilgjengeleg på nett
- Storleik** 192203 postar i databasen
- Lagringsmedium** Relasjonsdatabase med faksimilar. Trønderarkivet vart også mikrofilma, og kvaliteten kan forbeistrast ved å digitalisera filmene.
- Bruk** Uunnverleg arbeidsreiskap for NO2014 og alle som vil driva ordgransking mot trønderske målføre
- URL** <http://www.edd.uio.no/perl/search/search.cgi?appid=49&tabid=879>
- nummer** 14
- Namn** **Norsk Allkunnebok**
- Beskriving** Nynorsk leksikon 1948-1966 på ti band. Fem band digitaliserte som tekst. To band under prosessering til fulltekst (alle forkortingar utvida). Første norske leksikon med signerte artiklar. I fulldigitalisert form vil Norsk Allkunnebok gje eit unikt tidsbilete av Noreg på 1950-60-talet. Har mange artiklar om personar og stader som ikkje er omtala i andre oppslagsverk. Utgjevar Fonna Forlag. Digitalisert via DigForsk, UiO ved sentralen i Vesterålen og litt i Beiarn 2009-2011. Skal gjerast søkbart som leksikon via Ordbokshotellet, og leggast inn i Nynorskorpuset i fulltekstutgåve. Avtalar med rettshavarane blir inngått laupande.
- Tilgjenge** om lag 850 spalter tekst er inkorporerte i det Nynorske tekstorpuset og dermed fritt tilgjengeleg. Resten er digitalt tilgjengeleg som tekst for redaksjonen i NO 2014.
- Storleik** 10436 spalter i 10 band på papir, 5 band (om lag 6000 spalter) digitaliserte som tekst
- Lagringsmedium** Elektronisk tekst.
- Bruk** Uunnverleg kjelde for NO2014, særleg på grunn av det breie ordtilfanget, og for alle som er interesserte i perioden.
- nummer** 15
- Namn** **Faksimilesamling Den fyrste morgonblånen (1520 - 1800)**
- Beskriving** Boka Den fyrste morgonblånen (1990) redigert av Kjell Venås. Dette er den største samlinga av eldre målføretekst som ikkje er ordsamlingar frå perioden 1400-1800, med eit utførleg noteapparat. Så tunge å bruka i den noverande forma at det er behov for ein faksimiledatabase med transkribert og normalisert tekst, gjerne i parallellkorpusformat.
- Tilgjenge** Søkbar tekst, tilgjengeleg for NO-redaksjonen og til andre forskingsføremål. Lagra under EDD på dbprod.
- Storleik** 633 faksimilar
- Lagringsmedium** faksimilefoto og digital tekst (OCR- og korrekturlesen)
- Bruk** Del av kjeldegrunnlaget for NO2014 - må brukast
- nummer** 16
- Namn** **Norsk landbruksordbok**
- Beskriving** Stor og gjennomarbeidd terminologisk ordbok frå 1979 med norsk landbruksterminologi og termgloss for seks andre språk (svensk, dansk, islandsk, finsk, tysk, engelsk). Redaktør Magne Rommetveit. Utgjevar Det Norske Samlaget.
- Tilgjenge** Gratis, fritt tilgjengeleg på nett gjennom Metaordboka (via Ordbokshotellet)
- Storleik** om lag 26 000 ordartiklar
- Lagringsmedium** xml-tekst
- Bruk** I bruk som kjelde for terminologi for lingvistar og som fagleg referanseverk for fagekspertar.
- URL** via Ordbokshotellet: <http://www.edd.uio.no/perl/search/search.cgi?appid=118&tabid=1777>

nummer	17
Namn	Faksimilesamling eldre nynorsk
Beskriving	Add 106-8 og 108-8, digitale faksimilar innkjøpte frå Det Kongelige Danske Bibliotek (KDB). om lag 200 faksimilar med avskrifter av norske målføreordsamlingar frå 1700-talet. Tre av desse er innskrivne og tilgjengelege som tekst. Lagra under EDD på dbprod. KDB digitaliserer tekst som ikkje er prioritert av institusjonen på oppdrag og mot eit rimeleg vederlag.
Tilgjenge	For NO-redaksjonen og til andre forskingsføremål. Ikkje publisert på nett.
Storleik	om lag 200 faksimilar
Lagringsmedium	faksimilefoto og digital tekst
Bruk	Del av grunnlaget for NO2014 - må brukast. Nødvendig referansepunkt for alle som arbeider med norsk språk på 1700-talet.
nummer	18
Namn	Norsk dialektatlas
Beskriving	596 kart med isoglossar for norske målføre, teikna i perioden 1950-1980 på Målførearkivet, UiO. Nynorsk indekseringsspråk . Kartkatalog som inneheld namn, type (kartoverskrift), kommentar (karttekst og arkivdata) og id-nummer. Kartsamlinga var opphavleg tenkt som ei visualisering av Målføresynopsen, og dette er eit stykke på veg gjennomført. Dei 600 digitaliserte karta er lagra i ein relasjonsdatabase som koplar saman kart og bakgrunnsinformasjon per kart. Dert er behov for digitalisering av kartinformasjonen og tilhøyrande betre søkjesystem. Ei digitalisering av kartinnhaldet er påbyrja.
Tilgjenge	Gratis og fritt tilgjengeleg på nett
Storleik	600 handteikna kart, i papir og som faksimilar, ein del med støtteark frå utteikningstida med forklarande tekst
Lagringsmedium	Papireksemplar finst i eitt eks ved ILN. Relasjonsdatabase som inneheld kartfaksimilane med støtteark, og kan søkjast i etter kategoriane i kartkatalogen.
Bruk	Referanseverk for NO2014. Digital utgåve i dagleg bruk.
URL	http://www.edd.uio.no/dialektkart/dialektkart.html
nummer	19
Namn	Talemålsarkivet
Beskriving	database med registrant over digitaliserte lydbandfiler frå Målførearkivet. Digitalisering av banda starta 1999. Lydbandopptaka vart digitaliserte i 2004, jf. sluttrapport 20.3.2004. Det er i alt 16,25 Gb data komprimert til 1/10 av opph storleik. Registranten vart laga i 2007.
Tilgjenge	Registranten er gratis og tilgjengeleg på nett. Lytting krev forskarstatus og passord.
Storleik	548 timar avspelingstid. 2210 opptak av svært varierende lengd (frå nokre minutt til 1 time). 90 lydfile (123 informantar, 69 kommunar, i alt om lag 300 000 ord) er brukte i Norsk Dialektkorpus (NDK) (transkriberte ved Tekstlaboratoriet med finansiering frå NO2014 2008-2010).
Lagringsmedium	relasjonsdatabase med 2210 tilknytte lydfile (mp3). Lydfilene er også lagra i analogt format.
Bruk	søkjeinngang til lydbanda i Talemålsarkivet er passordbelagt. Dei filene som ikkje er transkriberte, blir truleg ikkje brukte mykje. Dei filene som er transkriberte blir brukte til slik forskning som NDK høver til.
URL	http://www.edd.uio.no/perl/search/search.cgi?appid=144&tabid=2160 www.dokpro.uio.no/talemaal/
nummer	20
Namn	Faksimilesamling Arne Berg
Beskriving	Faksimilesamling av Arne Bergs bygningshistoriske verk. Digitalisering delvis betalt eksternt. Svært verdfull kombinasjon av tekst og illustrasjon, ved Noregs fremste ekspert på eldre byggjeskikk i tre.
Tilgjenge	Teksten av hovudverket "Norske tømmerhus frå mellomalderen" 1-6 er søkbar via Nynorskkorpuset. Faksimilearkivet er tilgjengeleg for NO-redaksjonen og er lagra under EDD på dbprod. Det tilfanget som ikkje er utgjeve før, er grunnlag for digitalt utgjevingsprosjekt ved NIKU.
Storleik	2366 faksimilar + digitalisert tekst. Det meste av teksten i Nynorskkorpuset
Lagringsmedium	papir, faksimilar og txt-filer
Bruk	allmenn bruk via Nynorskkorpuset. Svært viktig kjelde for norsk bygningsterminologi for NO2014

nummer	21
Namn	Det Litterære Ordboksverk, nynorskdelen
Beskriving	Det Litterære Ordboksverk ekserperte ein del ordbøker over nynorsk, og noko målførelitteratur og noko eldre nynorsk skjønnlitteratur (Vinje, Janson, Krohn, Kleiven). Tilfanget er skrive ut på setlar og alfabetisk ordna. Det er verdfullt pga. normaliseringa av oppslagsorda, ettersom det meste er teke frå eldre tilfang.
Tilgjenge	Samlokalisert med Norsk Ordboks setelarkiv på papir, i kjellaren i Gaustadalléen 30 D.
Storleik	om lag 400 000 setlar (286 skuffer av 1500 setlar).
Lagringsmedium	Sjølve setelarkivet er tilgjengeleg på papir. Somme mykje brukte titlar er tekne med i Nynorskorpuset, og er dermed søkbare i opphavleg ortografi.
Bruk	I dagleg bruk som ressurs i redigeringa av Norsk Ordbok
nummer	22
Namn	NMAs setelarkiv
Beskriving	NMAs setelarkiv er originaltilfang på papir frå Målføreakivet, UiO, jf. Dalen 2001. Delar av det (0,5 mill. setlar) er kopiert inn i setelarkivet for nynorsk (nr 6 ovanfor).
Tilgjenge	Lite tilgjengeleg, føreset tilgjenge til ILNs lagerrom
Storleik	1,2 mill. setlar
Lagringsmedium	papirarkiv (setlar i skuffer). 0,5 mill. i Setelarkivet til NO (nr 6 på denne lista)
Bruk	vil bli brukt om det blir tilgjengeleggjort.
nummer	23
Namn	NMAs distriktsarkiv Nord-Noreg
Leverandør	Målføreakivet, UiO, jf. Dalen 2001
Verdi	uvurderleg originaltilfang på papir
Tilgjengeleg?	Lite tilgjengeleg, føreset tilgjenge til ILNs lagerrom
Storleik	80 000 setlar
Lagringsmedium	papirarkiv (setlar i skuffer).
Bruk	vil bli brukt om det blir tilgjengeleggjort.
nummer	24
Namn	NMAs distriktsarkiv Sør-Noreg
Leverandør	Målføreakivet, UiO jf. Dalen 2001
Verdi	uvurderleg originaltilfang på papir
Tilgjengeleg?	Lite tilgjengeleg, føreset tilgjenge til ILNs lagerrom
Målform	norske målføre
Storleik	45 000 setlar
Lagringsmedium	papirarkiv (setlar i skuffer).
Bruk	vil bli brukt om det blir tilgjengeleggjort.
nummer	25
Namn	NMAs A-lister
Leverandør	Målføreakivet, UiO jf. Dalen 2001
Verdi	uvurderleg originaltilfang på papir med svar på ordbruk etter emne eller verksemd
Tilgjengeleg?	Lite tilgjengeleg, føreset tilgjenge til ILNs lagerrom
Målform	norske målføre
Storleik	fyller eit stålskap i kjellaren i kjellaren i Gaustadalléen 30 D.
Lagringsmedium	papirark (maskinskrive skjema med handskrift i utfyllingane)
Bruk	vil bli brukt om dei blir tilgjengeleggjorde.
nummer	26
Namn	Bundle-listene
Beskriving	Dette er Oskar Bandles originaltilfang på papir med svar på ordbruk i høve til husdyr og vertilhøve, og grunnlag for dei ordgeografiske studiane hans. Frå Målføreakivet, UiO jf. Dalen 2001
Tilgjenge	Lite tilgjengeleg, føreset tilgjenge til ILNs lagerrom (usikkert kvar dei er etter flyttinga i mai 2013)

Storleik	Ukjent
Lagringsmedium	papirark (handskrift?)
Bruk	Bundles presentasjon av egne funn i bøkene hans er mykje nytta, originaltilfanget er interessant men per dato for tungt å bruka.
nummer	27
Namn	NMAs morfologiske lister (G-lister)
Beskriving	originaltilfang på papir frå før 1950 med detaljopplysningar om bøyning i substantiv osv. Frå Målførearkivet, UiO, jf. Dalen 2001
Tilgjenge	Lite tilgjengeleg, lagra i i kjellaren i Gaustadalléen 30 D.
Målform	norske målføre
Storleik	i snitt om lag 150 svar per fylke
Lagringsmedium	papirark (handskrift?)
Bruk	Tilfanget vil bli brukt om det blir tilgjengeleggjort.
nummer	28
Namn	Aasen-arkivet
Beskriving	lemmatisert og alfabetisert register av Aasens ordtilfang
Tilgjenge	Lite tilgjengeleg, føreset tilgjenge til ILNs lagerrom.
Storleik	98 skuffer a 2400 setlar - opp mot 100 000 setlar i alt
Lagringsmedium	papir setelarkiv
Bruk	Tilfanget vil bli brukt om det blir tilgjengeleggjort.
nummer	29
Namn	Djupedalarkivet
Beskriving	originaltilfang, alfabetisert og normalisert setelarkiv med målføresamlingar etter Reidar Djupedal, deponert ved ILN
Tilgjenge	På rom 211. Lite tilgjengeleg, føreset tilgjenge til ILNs lagerrom
Storleik	2000 setlar x 36 skuffer, om lag 70 000 setlar i alt
Lagringsmedium	papir setelarkiv
Bruk	Tilfanget blir brukt og er til dels innlemma i Setelarkivet (ved avskrift).
nummer	30
Namn	Målføresynopsisen - kjeldetilfanget
Beskriving	originaltilfang, skrivebøker med svar på synopsisspørsmål per informant eller kommune frå NMA-informantar og studentar
Tilgjengeleg?	Lite tilgjengeleg, oppbevart i kjellaren i Gaustadalléen 30 D.
Storleik	om lag 500 dokument i handskrift
Lagringsmedium	papir (vanlege skrivebøker/kladdebøker), handskrift
Bruk	Når Målføresynopsisen er ferdig sigitalisert og søkbar på ordform og kommune vil det vera interessant å sjå om det ligg kvalitetssikra tilfang i desse oppskriftene som ikkje er blitt skrive inn i katalogane. Det vil då vera mogleg å føra dette inn i den digitale utgåva.
nummer	31
Namn	Oppskrifter for Atlas Linguarum Europae
Beskriving	unyttar originaltilfang, hefte med spørsmål om ordgeografi/terminologi på om lag 100 sider
Tilgjenge	Lite tilgjengeleg, føreset tilgjenge til ILNs lagerrom
Storleik	om lag 200 utfylte hefte i 50 boksar
Lagringsmedium	papir, handskrift samla i boksar
Bruk	
nummer	32
Namn	Joleik Øverby si målsamling
Beskriving	originaltilfang frå Østerdalen med detaljerte informantopplysningar. Under bearbeiding av Joleik Øverby.
Tilgjenge	Ikkje tilgjengeleg - under arbeid

Storleik	60 000 setlar, ca. 100 notatbøker og 200 timar lydbandmateriale
Lagringsmedium	papir setelarkiv, skrivebøker, lydband
Bruk	er under bearbeiding og vil bli brukt når det er ferdig for tilgjengeleggjering

Vurdering av Målførearkivet ved Universitetet i Oslo

(Eg gjer merksam på at oversynet over samlingane og vurderinga av dei bygger på ein intens gjennomgang av NMA 5.-7. oktober 2000. Det meste greidde eg å dekke, men det var eit par skap ute på gangen og nokre kartongar på eine kontorrommet som eg ikkje fekk tid til å sjå på. Opplysningar om innhaldet i dei kan professor Bjørkum hjelpe til med å gi. Eg reknar med at det ikkje har konsekvensar for slutningane mine at eg ikkje fekk sett på dette materialet.)

1.0 Kort historikk

Norsk Målførearkiv (NMA) vart oppretta i 1936 av professor Sigurd Kolsrud. Han satt som styrar heilt fram til han døde i 1957. Frå 1959 til 1971 var professor Olav Beito styrar ved arkivet. Deretter hadde dosent Ingeborg Hoff ansvaret for arkivet til ho gjekk av for alders-grensa i 1983. Frå 1983 har professor Andreas Bjørkum vori styrar ved NMA.

Den første tida var samlingane pressa inn i to små rom i kjellaretasjen på UB i Drammens-veien. Arkivskap og bokhyller fylte romma frå golv til tak, og arbeidforholda var nokså kummerlege på dei overfylte skriveborda inne mellom skap, hyller og bokstablar. Forholda vart radikalt endra da NMA fekk rom i Wergelands hus på Blindern. Der fekk arkivet dispo-nere seks kontorrom og tre store rom for samlingar og bibliotek. I dag disponerer NMA tre kontorrom, som delvis er nytta som lagerrom, og tre rom for arkiv og bibliotek.

I den første tida var det Sigurd Kolsrud som tok seg av oppbygginga av arkivet. Etter kvart vart det knytt stillingar til NMA, og i slutten av 1960-åra var det seks stillingar ved arkivet i tillegg til arkivstyraren, professor Beito. I dag er professor Andreas Bjørkum styrar av arkivet, og det er ingen stillingar knytt til sjølve arkivverksemda.

1.1 Publikasjonar.

NMA har hatt to skriftseriar, *Skrifter frå Norsk Målførearkiv*, som kom ut med 14 nummer i Kolsruds styringstid, og med 16 publikasjonar under Beitos tid, og *Norske studiar*. I serien *Skrifter* har det hittil kommi ut 40 publikasjonar, og i serien *Norske Studiar*, som omfattar større arbeid, er det publisert åtte bøker. Arkivet har dessutan frå 1968 sendt ut eit årsskrift, *Talatrusten*, til medarbeidarar og kontaktnettet elles. I årsskriftet har det vori trykt mindre arbeid av dei tilsette ved NMA og andre med tilknytning til arkivet.

2.0 Samlingar

2.1 Setelarkivet

inneheld til saman ca. 1,2 millionar setlar som er ordna distriktsvis og i eit landsarkiv. Om lag 500 000 setlar er kopiert og har gått inn i samlingane i Norsk Ordbok (NO). Dei har, som del av NOs arkiv, vorti fotografert, og dette materialet er gjennom Dokumentasjonsprosjektet tilgjengeleg på internett.

2.1.1 Dei viktigaste **distriktssamlingane** er:

Nordnorsk ordsamling på ca. 60 000 setlar, dei fleste etter Hallfrid Christiansen. Dette materialet finst i kopi ved NO, og ved dei nordiske institutta på NTNU og i UiTr.

Tordis Berg Tromsøysund - 7-8 000 setlar.

Frå Nord-Norge fins det også fleire mindre samlingar, bl.a. ei ordsamling frå Bø i Vesterålen av Finn Myrvang.

Bjørgum, Nomeland o.a.: Setesdal - ca. 20 000 setlar. Denne samlinga har ikkje gått inn i lands-samlinga.

Skulerud: Tinn - ca. 6 000 setlar.

Muri: Norrdal - ca. 3 500 setlar.

Reitan: Røros - ca. 1 700 setlar

Flom: Aurland - ca. 2 500 setlar

Breisnes: Aurland - 8-900 setlar

Lunde: Stryn - ca. 4 500 setlar

Dalen: Skogn - ca. 2 500 setlar

Stensen: Dagali - ca. 2 500 setlar. Denne samlinga er overført frå eit handskrivi manus og er ikkje fullført..

Det er dessutan mindre samlingar frå Idre, Särna, Härjedalen (Lillherdal, Vemdalen), Jämtland og Dalsland.

2.1.2 Eldre ordsamlingar:

Wilse: Utskrift av ordsamling, *Norsk Ordbog* 1780, + ekserperte ord frå Spydeberg og Eidsberg - om lag 1 000 setlar som er alfabetiserte og er ferdig til utskrivning og publisering. Andre eldre ordsamlingar, bl.a. etter Storm (Gudbrandsdalen) og Wille (Seljord), og ekserpt av Olaf Hanssen: *Gamle bygdemålsprent* er alfabetisert og ordna med tanke på utgiving av ei *Eldre norsk ordbok*, som Sigurd Kolsrud hadde planlagt.

2.1.3 *Kommentar*

Setelarkivet er greitt ordna og, under føresetnad av det ved arkivet fins tilsette som kan hjelpe besøkande, er det lett tilgjengeleg for alle som vil utnytte det, anten det er fagfolk eller ama-tørar.

Sjølv om store delar av setelarkivet er kopiert for NO og fins tilgjengeleg på Dokumentasjons-projektets sider på internett, er det nyttig for dialektforskarar at det fins eit landsdekkande arkiv for dialektane i landet. Særleg bør dei distriktsvis ordna samlingane haldas oppe slik at dei etter kvart kan utnyttas i arbeid

med lokale ordboksprosjekt, på line med Trønderordboka i Trondheim. Samanlikna med andre land, Sverige, Danmark, Tyskland, Nederland o.fl., er arbeidet med regionale ordbøker eit forsømt felt innafor norsk dialektologi.

Den nærmaste oppgåva på dette området ville vera å få i stand ei nordnorsk ordbok. Her ligg det føre eit godt grunnlag i H.Christiansens store nordnorske ordsamling, den største ved NMA. Denne samlinga bør i ein framtidig ordbokspublikasjon suppleras med andre publiserte og upubliserte samlingar frå Nord-Norge. Det ville vera naturleg at dette vart ei arbeids-oppgåve for målføreseksjonen ved Institutt for språkfag ved Universitetet i Tromsø. Dei har alt fått kopi av Christiansen-samlinga.

2.2 Innsamla lister.

2.2.1 Johan Storms Kortere Ordliste.

Dette er ei liste på lag 2000 ord som vart sett opp av Johan Storm i 1884 (fire seinare foto-grafiske opptrykk). Den inneheld ord som skal gi oversikt over lydlære (jamvekt, vokalar, konsonantar), formlære (substantiv, adjektiv, pronomen, verb), og til ein viss grad over syn-taktiske forhold. Ved NMA er det minst ei oppskrift etter denne lista frå nesten alle dei gamle herada i landet, og mange herad er representert med oppskrifter frå enkelte sokner og grender. Det er også oppskrifter frå dei fleste byane og dei større tettstadene. Oppskriftene er innført i synopsar, i alt 52 bind, som er fotografert på mikrofilm som det er sendt kopi av til dei nordiske institutta ved dei andre universiteta. For visse område er innføringa i synopsane berre delvis gjennomført. Det gjeld særleg Østerdalen. Enkelte innførslar i synopsane er gjort med raudt eller blått blekk og er derfor vanskeleg å lesa på mikrofilmene.

2.2.1.1 Kommentar

Oppskriftene etter Storms liste representerer eit relativt stort tidsspenn, frå 30-åra og fram til 70-åra, men ettersom det også i dei nyare oppskriftene er den tradisjonelle dialekten som er registrert, skulle materialet gi grunnlag for språkleg kartlegging av dei norske dialektane for om lag 50-70 år sidan. Dialektutviklinga i dei seinare tiåra er sjølvstøtt ikkje kartlagt, men denne sida av talemålsforskinga høyrer meir heime i sosiolingvistikken, som NMA i framtida bør inkorporere i sitt arbeid. Ettersom undersøkingar av nyare dialektutvikling føresett ny innsamling av eit leksikalsk avgrensa språkleg materiale, vil dei eldre samlingane tene som bakgrunn. Når arkivet skal initiere eller vera med på sosiolingvistiske prosjekt, fins det i alle fall eit godt grunnlag for samanlikning mellom tradisjonell dialekt, dvs. utgangspunktet for utviklinga, og nyare tendensar i talemålsutviklinga.

Materialet i Storm-listene og i synopsane er også grunnlaget for arbeidet med Norsk målføre-atlas (sjå 2.4).

2.2.2 Andre oppskrifter etter spørjelister

NMA har fått kopiar frå Bergen av oppskrifter etter H. Christiansen: *Spørjelite for vest-norske målføre*, vesentleg frå Hordaland og Rogaland, og noko frå Agder-fylka, og kopiar frå Trondheim av oppskrifter etter Dalen og Stemshaug: *Spørjelite for trøndske målføre*.

2.2.3 Spesiallister.

A-lister: Dette er materiale på grunnlag av 389 spørjelister, for det meste onomasiologiske lister, innsamla gjennom eit landsdekkande medarbeidarnett. Listene er ordna etter ulike emne, f.eks. A1 Rokken, A3 Fela, A4 Ljå og rive, A8 Tare, A20 Kledebunad, A279 Insekt, A300 Bær og bærsanking. Listene dekker dels dei same emna som dei innsamla listene ved Norsk etnologisk gransking (NEG), men A-listene ved NMA legg hovudvekt på terminologi, i mot-setnad til NEG-listene, som er meir innretta mot etnologiske forhold. Også NMA-listene inneheld mykje av etnologisk interesse, men dei er først og fremst viktig kjeldemateriale for ordgeografisk forskning. Ein del av listene, særleg dei nyaste, er innsamla i samband med forskningsarbeid og hovudoppgåver, men det meste av dette materialet er uutnytta i forsknings-samanheng.

Oskar Bandles lister: I 1960-åra sendte prof. Oskar Bandle frå Universitetet i Basel ut til medarbeidarnettet i NMA to større spørjelister, ei som gjaldt husdyrterminologi og ei med spørsmål om ord og uttrykk for meteorologiske forhold, "Himmel, vêr og vind". Dei innkomne svara er arkiverte ved NMA, og dette er truleg det mest omfattande onomasiologiske materialet som er innsamla frå norske dialektar. Den første samlinga var grunnlaget for Bandles store arbeid *Westnordische Haustierterminologi*" (1967), mens det ikkje er gjort noko større forskningsarbeid på grunnlag av den andre spørjelista. Her ligg det forskningsoppgåver og ventar.

Materialet til dei to spørjelistene er delvis ekserpert for NO, men ein må gå ut frå at dei innkomne svara ikkje berre har leksikalsk interesse, men at dei også har interesse for dei som arbeider med ordgeografi, både nasjonalt og lokalt.

D-lister gjeld ordlagging, mens E- og F-listene gjeld fonologiske forhold, bl.a. tjukk l og monof-tongering. Dette er mindre samlingar.

G-lister er grammatiske lister som vart innsamla i mellomkrigstida og i åra etter krigen (i 40-åra og 50-åra). Her er det svar på spørsmål om former og bøyning av bl.a. sterke maskulina (122 til dels sjeldne ord), svake maskulina, maskuline jamvektsord (ca. 190), tilsvarande lister for adjektiv, pronomer og verb.

Det er mange svar på desse spørjelistene, f.eks. 132 frå Hedmark og 160 frå Nordland. Kvalitetten på dei enkelte svara er sjølvstundt ujamn, men mange av svara er gode og utfyllande. Dei representerer eit stort materiale for morfologisk kartlegging av norske målføre og for landsdekkande eller regionale morfologiske spesialarbeid. Bortsett frå listene over verbalbøyning, som Kjell Venås har brukt som grunnlag for arbeida om sterke verb og om svake verb i norsk, er dette materialet lite utnytta.

Ved NMA er det eit fullstendig kartotek over medarbeidarar med opplysningar om kva lister dei har svara på.

2.2.3.1 Kommentar

Svara på dei ulike spørjelistene representerer det viktigaste kjeldematerialet for kunnskap om terminologiske og grammatiske forhold i norske målføre. Dei er ved sida av Storm-listene grunnleggande for dialektgeografiske oversyn over dei tradisjonelle dialektane i landet, oversyn som da også vil vera grunnlag for sosiolingvistisk forskning, f.eks. av språkutvikling i nyare tid. For å kunne seie nok sikkert om forandringar i dialektane, må ein kjenne godt til sjølve utgangspunktet.

Ei framtidig oppgåve for arkivet må bli å sette opp og få trykt eit fullstendig oversyn over dei innkomne svara i denne samlinga, både på dei onomasiologiske og dei grammatiske spørjelistene, slik at materialet kan utnyttast i forsknings-samanheng. Det ideelle ville ha vori om alle listene kunne bli lagt inn på internett, og

spesielt ville det vera nyttig om dei onomasiologiske listene ved NMA og svara på NEG-listene kunne komma inn på Dokumentasjonsprosjektet og bli tilgjengelege på data. I alle fall bør dei onomasiologiske NMA-listene, som inneheld eit stort ordmateriale, bli ekserpert og stilt til disposisjon for NO.

2.2.4 Atlas Linguarum Europae (ALE)

ALE er eit felles europeisk prosjekt som i første omgang har organisert ei innsamling etter *Questionnaire I*, ei onomasiologisk ordna spørjeliste med spørsmål om 456 omgrep. I Norge er det skrivi opp slike lister frå 150 lokalitetar, jamt fordelt over heile landet. Oppskriftene her i landet vart gjort omkring 1970. Informantane var personar med tradisjonell dialekt som bak-grunn. Det måtte det nødvendigvis vera ettersom ALE-prosjektet har som mål å kartlegge ord-geografisk variasjon på dialektnivå i heile Europa.

2.2.4.1 Kommentar

Det norske ALE-materialet, som er arkivert ved NMA, har vorti innsamla innafor ein kort tidsperiode, og er såleis meir einskapleg enn andre samlingar. Sidan det er gjort oppskrifter av den første ALE-lista i heile Europa, ligg det her grunnlag for ordgeografiske arbeid med langt større perspektiv enn det reint nasjonale. På europeisk nivå er hittil berre delar av dette materialet utnytta ved utarbeiding av syntesar og kart over enkelte omgrep (til no er det i ALE-prosjektet publisert i alt fem større kartheft med tilhørande kommentarbøker), men det vil også kunna bli brukt for ordgeografisk kartlegging av norske dialektar og, i samarbeid med dei andre nordiske landa, for nordiske prosjekt.

Slik materialet foreligg, i relativt store oppskriftshefte, er det tungvint å arbeide med. For å gjera det lettare tilgjengeleg burde ein legge det inn på data. Det vil sjølvsagt krevje ganske stor arbeidsinnsats, men materialet ville da lett kunne utnyttas av forskarar. Ein mindre arbeidskrevjande utveg ville vera å laga kopi og eit arkiv ordna etter spørsmål, dvs. 150 setlar for kvart spørsmål. Da ville materialet ligge ferdig til bruk i ordgeografiske oversyn. Ulempa er at ein da må oppsøke NMA for å kunne bruke materialet. Dataløysinga er derfor på lengre sikt den einaste fornuftige.

Så lenge det ikkje på andre universitet i landet fins kapasitet til å ta seg av dette materialet, er det naturleg at det blir oppbevart ved NMA. Dersom det blir sett i gang eit framhald av Dokumentasjonsprosjektet eller liknande prosjekt, bør ein sørgje for at ALE-materialet blir inkludert.

2.3 Større sarsamlingar

2.3.1 Jørgen Reitan-samlinga

Jørgen Reitan laga si eiga innsamlingsliste med særleg tanke på å kartlegge den lydhistoriske utvikling i dialektane frå gammalnorsk. Samlinga omfattar særleg oppskrifter etter denne lista frå Nord- og Sør-Trøndelag og frå Hedmark, dessutan frå Heggedalen og Andebu. Dialektopp-lysningane i oppskriftene etter Reitan liste, er innført i synopsen. Samlinga inneheld elles andre oppskrifter, korrespondanse, avisutklipp, bl.a om Nidaros-namnet og busettinga på Røros på 1600-talet, og manuskript til Reitans trykte skrifter.

I Reitansamlinga er det verdifulle opplysningar om dialektane først på 1900-talet og dessutan tilfang til norsk språkhistorie, bl.a. brev til Reitan om omstridde namnespørsmål. Samlinga bør ordnas og systematisereas. Korrespondanse og manuskript bør overføres til handskriftsamlinga ved UB.

2.3.2 Amund B. Larsen-samling (Er oppbevart i magasinet i kjellaretasjen)

Oppskriftene som A.B. Larsen gjorde på innsamlingsferdene sine frå 1882 til 1924, omfattar 90 notisbøker med over 1000 oppskrifter. Notisbøkene er systematisert og kartotekført, men dei er ikkje kopierte. Det er eit fullstendig oversyn over oppskriftene i *Talatrusten* 1983 s.25-29. Kopi av oversynet ligg ved som Tillegg.

Dette materialet, som representerer noko av det mest verdifulle tilfanget på NMA om norske målføre, bør absolutt vera tilgjengeleg på arkivet, men av sikkerheitsgrunnar helst som kopi. Originalane bør overføres til handskriftsamlinga ved UB.

2.3.3 Olai Skulerud-samling

Denne samlinga består av 24 kassettar med oppskrifter av ulike slag, mest frå Telemark, spesielt frå Tinn, relativt mykje frå Sunnmøre, og ein del frå Fjordane, Odalen, Sunndalen o.a. stader. Det er eit manus til grammatikk over Tinns-målet. Elles er det fyldige, men til dels usystematiske opplysningar om dialektane. I kassetane fins det fleire hundre notisbøker med opplysningar av blanda innhald: målføre, religiøse emne o.a. Samlingane er berre grovsys-tematisert.

Skulerud har gode og fyldige opplysningar om målføre, og materialet bør derfor gåas igjennom og ordnas, både geografisk og tematisk, og målføreopplysningane bør ekserperas. Manuset til Tinns-grammatikken bør ein vurdere å få publisert.

2.3.4 Magne Oftedal-samling

Dette er ei samling av blanda innhald:

1. Kartotek over hovudoppgåver, både topografisk ordna og ordna etter forfattarnamn; karto-tek over norske og enkelte svenske dialektarbeid, spektrogram og frekvensmålingar av inntala setningar, forelesningsnotat etter Marstrander om runologi, ein del korrespondanse, bl.a. brev til og frå Alf Prøysen.

Denne delen av samlinga bør overføres til UB og registreras der.

2. Manus etter Marius Skadsem til utgreiingar om stadnamn, mest om stadnamn i Rogaland.

Dette manuskriptet bør overføres til Avdeling for namnegransking.

3. Ei skrivebok med målprøver og utfylte Storm-lister, 111 sider i alt, og ei skrivebok med Storm-lister og målprøver frå Innherad (Sparbu, Beitstad).

Dette materialet bør arkiveras ved NMA, og det som ikkje er ført inn i synopsen (det gjeld truleg den førstnemnde skriveboka), bør bli innført i den.

4. Ei stor samling av målføreoppskrifter frå Jæren (frå 1949), ordna etter informant. Dette kan vera eit svært verdifullt materiale som bør registreras og føras over i eit kartotek.

5. Ei stor oppskriftsamling etter norskamerikanarar, innsamla i åra 1947-48 og ordna etter informant. Materialet er kopiert og fins tilgjengeleg ved Najonalbiblioteket i Rana (NBR) og ved Universitetsbiblioteket i Trondheim (UBT).

2.3.5 Karl Braset-samlinga

Karl Braset frå Sparbu var ein av dei beste innsamlarane i landet. Hans oppskrifter omfattar tidsrommet frå først på 1900-talet fram til 1944. Oppskriftsamlingane hans er omfattande og her er emne som folkeminne, etnologi, folkloristikk, målføre, bl.a. ei stor ordsamling på om lag 10-15 000 ord, stadnamn og lokalhistorie representert. Alt er oppskrivt på dialekt, oftast på sparbumål. Brasets oppskrifter er eit spesielt verdifullt kjeldemateriale fordi han ser ut til alltid å gjengi opplysningane sine i den språklege forma han fekk høre dei, og ikkje pyntar på språket hos heimelsfolka.

Det lokalhistoriske og folkloristiske stoffet blir no utskrivt på data (sett i gang av Johan Einar Bjerkem), og ordsamlinga er ved INL, NTNU dels lagt inn på data (fram til slutten av bok-staven S), dels ferdigredigert (til eit stykke ut i bokstaven F) av Arnold Dalen.

Dette materialet bør sikras ved at det blir kopiert. Originalane bør oppbevaras ved handskriftsamlinga ved UB.

2.3.6 Eilert Mo-samlinga

Materialet i samlinga etter Eilert Mo frå Rindalen er av ulik karakter. Ho inneheld:

1. ein del personalia,
2. notisbøker, bl.a. med referat av foredrag og forelesingar,
3. oppskrifter av segner og forteljingar, bl.a. to manuskript, Småstubbar (maskinskrivi), og Gamalt ifrå Rindalen (handskrivi), og opplysningar om dialektord,
4. manuskript til publiserte og upubliserte arbeid: Stavingstap og stavingsdeling, Stavings-delning i rindalsmaale, Norsk snøggskrift, Eksperimentalfonetiske granskingar, Formlæra åt Rindalsmålet, Rindalsmålets grammatik.

Denne samlinga hører naturleg heime på handskriftsamlinga ved UB. Materiale som gjeld målføre, må kopierast for NMA.

2.3.7 Ivar Prestkvern-samlinga er ei mindre samling av 20-30 små notisbøker med opplysningar om Hadelands-dialekten. Dette materialet er ikkje ekserpert. Det bør gjerast.

2.4 Målførekart

Eitt av føremåla med en store innsamlinga av oppskrifter etter Storms *Korter Ordliste* var at det skulle vera grunnlag for å utarbeide dialektkart som skulle gå inn i eit større *Norsk målføre-atlas*. I 1960- og 70-åra arbeidde Johan Anton Schulze med dette prosjektet, og han kom så langt at det ligg føre 131 ferdigteikna kart med forklaring og kommentar.

Sidan det enno ikkje er utgitt noko større norsk dialektkartverk, må det vera ei høgt prioritert oppgåve å få publisert desse karta, anten heftevis (det vil gi høve til seinare supplering med nye kart) eller som eit samla atlas. Ein kan eventuelt vurdere datamaskinell utskrivning av karta. I alle fall bør dette arbeidet ikkje berre ligge uutnytta på NMA. (Det er sendt kopi av karta til dei nordiske institutta i Bergen, Trondheim og Tromsø.)

2.5 Lydbandsamlinga

I biblioteksrommet er det fleire skap med opptak av målføre. I følgje eit oversyn, truleg frå om lag 1990, inneheld dei 360 lydband, 260 kassetar + nokre plater med språkprøver frå før krigen av norsk-amerikanarar, samla av Einar Haugen. Dei eldste lydbandopptaka skriv seg frå om lag 1950 og er av dårleg kvalitet. Kvaliteten på dei seinare opptaka er truleg langt betre, men sidan det ikkje fins kopiar av dette materialet, hastar det må å sikre dei. Opptaka blir no digitalisert, og til no har om lag halvparten vorti overført til elektronisk form. (Oppløyst av Andreas Bjørkum.)

3.0 Hovudoppgåver

I fleire skap som står i korridoren, er det oppbevart kopi av hovudoppgåver i norsk/nordisk frå Oslo, Bergen, Trondheim og Tromsø. Desse hovudoppgåvene er sjølvstilt tilgjengelege på UB, men det er ein stor fordel at dei også fins ved NMA, slik at dei er lett å få tak i for dei som skal arbeide ved arkivet. Eksemplara ved NMA bør derfor stadig stå der.

4.0 Kartotek

I den tida NMA var bemanna og fungerte, vart alt innkommi materiale journalført og det vart utarbeidd ulike arkiv over samlingane og anna relevant materiale.

- A. Alfabetisk og systematisk katalog over boksamlinga
- B. Katalog (sett opp av Ingeborg Hoff) over målføretilfang i NMA og Norsk Folkeminnelag, ordna etter fylke og herad.
- C. Katalog over tilgjengelege målprøver i lydskrift - etter fylke og herad.
- D. Katalog over målprøver i vanleg skrift - etter fylke og herad.
- E. Katalog over lydbandopptak 1979-1985
- F. Katalog over medarbeidarar i 1940- og 50-åra

G. (I protokoll) Alfabetisk register for ordtilfanget i Storm-lista, og tilsvarande for ordtilfnget i A.B. Larsen: *Sognemålene*, Norsk Fonogramsarkivs grammatiske tekster, NMAs fonetiske, grammatiske og ordavleiingslister (jf. 2.2.3).

E. (I protokoll) Register over Storm-lister, register over mellomalderlege norske lovsamlingar, og over G-lister (jf. 2.2.3).

5.0 Biblioteket

På biblioteket er det både alfabetisk katalog og systematisk katalog over heile boksamlinga.

Det er god dekning av oppslagsverk, ordbøker (bl.a. *Ordbog over det Danske Sprog*, eit uinn-bundi eksemplar av VSO, og *Svenska Akademiens ordbok*), og avhandlingar om målføre, sær-leg om nordiske målføre. Det fins ein del dublettar som kan overførast til UB.

Biblioteket inneheld ei stor tidsskriftsamling med fortløpande eksemplar av

By og bygd - fram til 1987/88

Danske studier - fram til 1956

Danske Folkemaal - fram til 1994

Folkmålsstudier - fram til 1991

Folia Linguistica - fram til 1990

Maal og Minne - fram til 1994

Namn och bygd - fram til 1991

Language - fram til 1990

Norsk Folkeminnelags skrifter - fram til 1996

Orbis - fram til 1984

Skírnir - fram til 1957

Svenska landsmål - frå 1883 fram til 1996

Norveg - fram til 1991

Årbok for Nordisk Filologi - fram til 1990

Dessutan er det ei meir tilfeldig samling av bygdebøker og topografisk litteratur.

5.0.1 Kommentar

Dersom ein vil at NMA skal fungere som forskningsarkiv, er det viktig at det fins eit fyldig utval av lett tilgjengelege oppslagsbøker, av dei viktigaste fagtidsskrifta, og av dei sentrale faglege avhandlingane. Dei samlingane som alt fins ved NMA, dekker i stor grad dette behovet, men når det gjeld tidsskrift, bør ein vurdere kva ein skal behalde og ein bør sørge for at dei tidsskrifta som arkivet framleis skal halde fram med, blir supplert med dei siste årgangane, dvs. for den perioden da NMA i praksis ikkje fungerte.

6.0 Magasinet

Magasinrommet i kjellaretasjen fungerer som lager for NMA. Det som er oppbevart her, er av ulikt slag:

I. Bøker

- A. Bøker utgitt av NMA - til dels i mange eksemplar (opptil 70-80)
- B. Andre bøker og hefte om målføre - også i fleire eksemplar
- C. Trykte avhandlingar og mindre arbeid om eldre norsk mål - i mange eksemplar. Mye av dette kan overførast til Norrønt ordboksverk.
- D. Tre hyller med særtrykk med didikasjon til A.B. Larsen, Marius Hægstad, Sigurd Kolsrud o.a. Her kan det finnas verdifulle arbeid, men samlinga bør gåas igjennom, ordnas og katalogiseras. Dette er eit meir langsiktig arbeid for NMA.
- E. Ein del eldre bøker
- F. Bøker, avhandlingar, skrifter om danske og svenske dialektar. Samlinga er heilt uordna.
- G. Mange andre avhandlingar, bl.a. utgitt av Vid.Akad. i Oslo

Samlinga av bøker, avhandlingar og særtrykk må gåas igjennom. Ein må avgjera kva NMA skal ta vare på, kva som skal overførast til andre institusjonar (Norrøn Ordbok, UB), og kva som kan destrueras eller sendas til antikvariat.

II. Oppskrifter

- A. A.B.Larsens oppskrifter, sjå **2.3.2**
- B. To hyller med notathefte og oppskrifter etter Inger Frøyset, bl.a. Storm-lister frå Åmli og Torridal, Kolbu, Heidal, Setesdalen.
- C. Ei pappeske med oppskrifter etter Torgeir Krogsrud, Hadeland.
- D. Tre kartongar med materiale etter H. Christiansen (oppskrifter, korrespondanse med opplysningar om målføre + eitt kart, bøker, skrifter). Dette bør gåas igjennom og relevant materiale bør ekserperas. Truleg kan det best gjerast av den nordiske avdelinga ved Universitetet i Tromsø, jf. **2.1.3** og **7.01**.
- E. Svar på Oskar Bandles spørjeliste om vêr, vind osv. Dette materialet må vera tilgjengeleg på NMA, jf. **2.2.3**.
- F. Oppskrifter av S. Kolsrud om Solør-Odalen, bl.a. ei forteljing på dialekt.

III. Kart.

- A. Store kart med målføregrenser, brukt i undervisning.
- B. Originalkarta til H. Christianse.
- C. Ei større samling andre kart, mest topografiske kart over Norge.

IV. Diverse

- A. Fullstendig kopi av manus av Kolsrud til ei mindre avhandling om *Grið*. Dette arbeidet er, så vidt eg veit, ikkje trykt. Det bør vurderas for publisering.
- B. Grunnmanus til *Skrifter frå Norsk Målførearkiv*, bl.a. R. Paulsen: *Nøttlandsmålet*.
- C. Grunnmanus til Schiøtts ordbok (ukomplett). Bør overførast til handskriftsamlinga ved UB.
- D. Tre store skuffer med avisutklipp. Kan truleg kasseras.
- E. *Fram* - blad for studentmållag i Oslo, Nidaros o.fl. i 20-åra. Bør sendast til UB.
- F. Eit kartotek, ordna av S. Kolsrud (P-Å er ordna, A-N har kommi i uorden i eiga pappe-*sk*e), over bøker, artiklar o.l som gjeld målføre. Kan vera viktig for målførebiblio-grafi - må kontorolleras mot O. Nes: *Norsk dialektbibliografi*.

Dette er ikkje ei fullstendig oversikt over alt som fins i magasinet. I følgje Andreas Bjørkum er det no ei opprydding i gang, og han vil kunne supplere det oversynet eg her har sett opp.

7.0 Konklusjon

7.0.1 Oppgaver

NMA har hatt - og bør fortsett ha - ei nasjonal oppgåve. Ved nordiskinstitutta på dei andre universiteta går det for seg regionalt organisert innsamling og arkivering av målføremateriale, men NMA har vori og bør vera det samlande norske dialektarkivet som i samarbeid med andre institutt samordnar dialektarbeidet her i landet og bygger ut landsdekkande samlingar. I fram-tida bør arbeidsoppgåvene fordelas mellom universiteta slik at dei regionale arkiva har ansvaret for innsamling og arkivering av tilfang frå sine område, og for arbeid med regionale ordboks-prosjekt, evt. også regionale dialektkartverk, og at det blir sendt kopiar av alt innsamla mate-riale til NMA.

Fram til først på 1990-talet tok NMA godt vare på dei nasjonale oppgåvene. Likesom tilsvarende institusjonar i andre land fungerte NMA da som serviceinstitusjon for alle - forskarar frå inn- og utland, og studentar - som søkte opplysningar eller ville ha hjelp til å få innsamla mate-riale. Arkivet initierte og organiserte dialektinnsamling av ulike slag, det tok imot, systematiserte og arkiverte materiale som kom inn, og det stod for publisering av skrifter. På grunn av nedbygginga av arkivet utover i 1990-åra har mange, kanskje dei fleste, av desse nasjonale arbeidsoppgåvene vorti forsømt, og NMA fungerer i dag ikkje som eit landsdekkande arkiv. Det fungerer heller ikkje som ein nasjonal serviceinstitusjon med internasjonale kontaktoppgåver. Dette er eit forhold som må rettas på.

Vi kan fastslå at NMA har store og verdifulle samlingar av materiale om norske målføre. Mykje av det, først og fremst det store setelarkivet, oppskriftene av Storm-lister, ALE-opp-skriftene, er systematisert og tilgjengeleg for alle som vil besøke arkivet og finne fram på eiga hand. Men det fins også store samlingar som ventar på å blir ordna og der målførematerialet bør bli ekserpert. Dette vil bli ei prioritert oppgåve for dei som skal ha ansvaret for arkivet i framtida.

Mykje av materialet ved NMA representerer eldre dialekt. Noko av det går så langt tilbake som 1880-åra (A.B. Larsen), mens noko er innsamla i 1990-åra. Heimelsfolk også frå seinare tid representerer dei tradisjonelle dialektane, dvs. «genuin» dialekt. Sjølv om materialet verken er representativt for talemåla i dag eller gir eit fullstendig bilde av dialektforholda i eldre tid (lite av variasjon kjem fram), er det viktig å ha eit stort og landsdekkande materiale som fortel om dialektar som vart oppfatta, ikkje minst av dialektbrukarane sjølve, som dei ekte, dei eigen-lege målføra. Ikkje minst er det nyttig i sosiolingvistiske undersøkingar å ha kjennskap til dei tradisjonelle dialektane. Ved ei samanlikning mellom eldre og yngre varietetar av ein dialekt krevs det inngåande kjennskap til den tradisjonelle dialekten for å kunne vise utviklinga i eit større tidsperspektiv. Ei anna side av saka er at innsamlinga av det eldre målførematerialet som no er arkivert ved NMA, kan ha redda mykje norsk språkleg tilfang som elles ville ha gått tapt.

I denne samanhengen kan ein også peike på at i det rikhaldige materialet ved NMA ligg det eit godt grunnlag for forskningsprosjekt som tar for seg fenomenet *orddød*. Bortsett frå nokre hovudoppgåver i Bergen er dette eit felt som er lite undersøkt her i landet. For å kunne gjera slike undersøkingar trengs det god dokumentasjon av eldre ordtilfang i dialektane.

I samlingane er det ein del materiale som bør sikras på ein betre måte, anten ved kopiering og lagring på sjølve arkivet, eller ved at enkeltsamlingar eller delar av samlingar blir overført til andre institusjonar. Eg har i omtalen av dei enkelte samlingane antydde kva materiale og kva institusjonar det gjeld. Såleis meiner eg at alt originalmateriale etter Hallfrid Christiansen, bortsett frå oppskriftene frå Vest-landet, kan overførast til Universitetet i Tromsø. (Kopi av alt materiale må sjølvsagt finnast på NMA.) I Tromsø har dei eit mindre, men velordna nord-norsk målførearkiv. Ein bør også sørge for at Tromsø får kopi av alle andre nordnorske samlingar. H. Christiansen hadde planar om eit større nordnorsk ordboksverk, og det er personar knytt til UiTr som har liknande planar. Eit slikt prosjekt har større sjansar for å bli realisert i Tromsø enn ved nokon annan institusjon her i landet.

7.0.2 Stillingsbehov

For at NMA skal kunne bli ein operativ institusjon ved UiO, må det vera faste stillingar ved arkivet. Dei to stillingane som er nemnt som ramme i fakultetsvedtaket (jf. brev av 12.09.00), må ein sjå på som eit minimumsbehov. NMA bør i tillegg sikras kontorhjelp, anten ved arkivet eller ved instituttet, som kan ta seg av dei daglege rutinane som journalføring, arkivering o.l.

Dei som blir tilsett i dei to stillingane bør ha solid kompetanse innafor dialektologi og sosio-lingvistik (ikkje berre innafor eitt av områda), og kunne dekke fagfelt som innsamling, fono-logisk og grammatisk analyse av talemål, og dialekt-/ordgeografi. Det ville vera ein fordel om i alle fall den eine har datakompetanse. I det føregåande har eg fleire gonger nemnt behovet for å få overført materiale til data, og erfaring på dette feltet vil vera ein føresetnad for ordning og utvikling ved arkivet. Det ville vera nyttig om ein av dei to har kjennskap til datamaskinell utskrivning av dialektkart, som bør vurderast når det gjeld *Norsk målføreatlas* (jf. 2.4). Her kan ein elles tenke seg samarbeid med dataavdelinga ved fakultetet

Trondheim, den 26.01.2001

Arnold Dalen

Gruppeintervju - samlingene

De inviterte intervjues som gruppe. På forhånd utarbeides det et spørreskjema (på nett) som de inviterte bes svare på.

Spørsmål:

1. Bruker dere samlingene – og til hva?
Bruk til egen forskning og til undervisnings sammenheng
2. Grunn til at dere ikke bruker samlingene?
Bruk til egen forskning og til undervisnings sammenheng
3. Hva kunne dere ha brukt samlingene til?
Bruk til egen forskning og til undervisnings sammenheng

Nettundersøkelse - ILNs samlinger

Vennligst oppgi hvor ofte du har brukt følgende ressurser

	Ofte brukt	Brukt av og til	Aldri brukt
Nynorskorpuset og leksikografisk bokmålskorpus	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Egen forskning	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Undervisning	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

	Ofte brukt	Brukt av og til	Aldri brukt
Ordbanken - nynorsk og bokmål	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Egen forskning	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Undervisning	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

	Ofte brukt	Brukt av og til	Aldri brukt
Norsk kollikasjonsbase	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Egen forskning	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Undervisning	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

	Ofte brukt	Brukt av og til	Aldri brukt
Gammalnorsk ordboksverk	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Egen forskning	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Undervisning	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Ofte brukt Brukt av og til Aldri brukt

Samlingene, vedlegg 6

	Ofte brukt	Brukt av og til	Aldri brukt
Navnegransking - stadnamnbasen	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Egen forskning	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Undervisning	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

	Ofte brukt	Brukt av og til	Aldri brukt
Navnegransking - bustadnamnregisteret	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Egen forskning	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Undervisning	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

	Ofte brukt	Brukt av og til	Aldri brukt
Navnegransking - etymologiregisteret	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Egen forskning	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Undervisning	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

	Ofte brukt	Brukt av og til	Aldri brukt
Navnegransking - matrikelutkastet fra 1950	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Egen forskning	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Undervisning	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

	Ofte brukt	Brukt av og til	Aldri brukt
Navnegransking - lydbåndmaterialet	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Egen forskning	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Samlingene, vedlegg 6

	Ofte brukt	Brukt av og til	Aldri brukt
Undervisning	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

	Ofte brukt	Brukt av og til	Aldri brukt
Navnegransking - stadnamn og personnamnmaterialet	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Egen forskning	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Undervisning	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

	Ofte brukt	Brukt av og til	Aldri brukt
Norsk Ordbok - ordboksdatabasen	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Egen forskning	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Undervisning	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

	Ofte brukt	Brukt av og til	Aldri brukt
Metaordboka	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Egen forskning	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Undervisning	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

	Ofte brukt	Brukt av og til	Aldri brukt
Målføresynopsisen	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Egen forskning	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Undervisning	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Ofte brukt **Brukt av og til** **Aldri brukt**

Samlingene, vedlegg 6

	Ofte brukt	Brukt av og til	Aldri brukt
Norsk dialektatlas	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
gen forskning	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Undervisning	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

	Ofte brukt	Brukt av og til	Aldri brukt
Lydoptaka i Norsk målførearkiv	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Egen forskning	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Undervisning	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Andre deler av samlingene du har brukt:

(vennligst skriv inn)

Andre kommentarer:

(vennligst skriv inn)